*§ 121. Den som forsettlig eller grovt uaktsomt krenker taushetsplikt som i henhold til lovbestemmelse eller gyldig instruks følger av hans tjeneste eller arbeid for statlig eller kommunalt organ, straffes med bøter eller med fengsel inntil 6 måneder.*

*Begår han taushetsbrudd i den hensikt å tilvende seg eller andre en uberettiget vinning eller utnytter han i slik hensikt på annen måte opplysninger som er belagt med taushetsplikt, kan fengsel inntil 3 år anvendes. Det samme gjelder når det foreligger andre særdeles skjerpene omstendigheter.*

*Denne bestemmelse rammer også taushetsbrudd m.m. etter at vedkommende har avsluttet tjenesten eller arbeidet.*

*Endret ved lover 27 mai 1977 nr. 40, 28 juli 2000 nr. 73.*

*§ 122. En offentlig Tjenestemand, der ulovlig aabner eller tilsteder nogen at aabne et ham i Tjenestens Medfør betroet Brev, straffes med Tjenestens Tab eller med Fængsel indtil 3 Aar, men indtil 6 Aar, saafremt han forøver Forbrydelsen for at forskaffe sig eller andre en uberettiget Vinding.*  
"

Heile lova finn du på [lovdata](#)

# Sentralt regelverk

# Krav og standarder

Arkivskaparen møter ei rekkje føresegner, retningslinjer, krav og standardar som gjeld arkiv. Det blir stilt krav til arkivlokale, kvalitet på papir til premanent bevaring, brukelege kulepennar og rekkefølge på papirarkivseriar.

# Arkivlokale

Alle lokale der det blir oppbevart arkivmateriale i lengre tid, er arkivlokale.

## Kva er eit arkivlokale?

Ifølgje arkivforskrifta § 4-1, er alle lokale der arkiv blir oppbevarte over tid, arkivlokale.

Papirjournalane skal oppbevarast i magasin.

Eit arkivlokale er staden der arkivmaterialet har fast tilhald. Kontor der dokument blir oppbevarte når dei inngår i saksbehandlinga, er ikkje arkivlokale.

- Aktivt arkiv som er i dagleg bruk, kan oppbevarast i kontorlokale nær arkivtenesta og saksbehandlarar.
- Bortsett arkiv som blir brukt sporadisk, kan oppbevarast i eit lokale lenger unna, men bør vere tilgjengeleg for arkivtenesta på ein enkel måte.
- Fjernarkiv som er svært sjeldan i bruk, kan oppbevarast langt unna, gjerne saman med andre verksemder eller hos ein kommersiell aktør.

Arkivforskrifta omtalar to typar arkivlokale, vanlege arkivrom og spesialrom for arkiv.

## Skal bortsett arkiv og fjernarkiv alltid oppbevarast i spesialrom?

Dersom det jamleg og ofte blir brukt arkivsaker i bortsettjingsarkivet, kan materialet oppbevarast i vanlege arkivrom.

Dersom dei bortsette sakene blir brukte vesentleg sjeldnare enn dei aktive sakene, skal dei bortsette sakene oppbevarast i spesialrom.

## Kva er krava til arkivlokale?

I arkivforskrifta er det generelle krav som gjeld alle arkivlokale. For spesialrom for arkiv er krava strengare.

Offentlege arkiv skal oppbevarast slik at dei er sikra som informasjons- og dokumentasjonskjelder både på kort og lang sikt (jf. § 6 i arkivlova). Dette inneber at arkiva må oppbevarast i lokale som er egna for langtidslagring av arkiv.

Først og fremst må arkivmaterialet vernast mot ytre påverknad som kan føre til reduksjon eller tap av informasjon og dermed av verdien som dokumentasjon. Det er derfor viktig å:

- hindre at arkivmateriale blir skadd gjennom ytre påverknad (vasskadar, brann osv.)
- redusere den fysiske aldringa og slitasjen mest mogeleg (klimatiske forhold, fysisk og kjemisk

påverknad frå omgivnadene, bruksmessige forhold osv.)

- hindre at uvedkomande får tilgjenge til å skade eller fjerne arkivmateriale (skadeverk, ureglementert utlån og bruk, tilgrising og uorden osv.)
- hindre at uvedkomande får innsyn i arkivmateriale som ikkje er offentleg tilgjengeleg

Riksarkivaren har utarbeidd ei rettleiing for offentlege organ om krav til arkivlokale.

Utanriksdepartementet har sørgt for engelsk og fransk omsetjing. Temaet er også omtalt i Ivar Fønnes, Arkivhåndboken for offentlig forvaltning, Oslo 2009, kapittel 10.

[Bygningstekniske krav til arkivlokale](#)

[Bygningsfagleg tilstandsrapport](#)

# Godkjent papir/Krav til papir

Ifølgje arkivforskrifta § 2-12 skal papir som lagringsmedium i offentlege arkiv oppfylle krava i internasjonal standard for permanent papir, ISO 9706.

Arkivverket godkjenner berre to papirtypar; kvitt, "ubestrøke" kontorpapir (80 g/m<sup>2</sup>) og papir til reguleringskart (90 g/m<sup>2</sup>). Førespørslar om å godkjenne andre papirtypar, blir avviste. Søknader om godkjenning skal innehalde dokumentasjon på at papiret oppfyller krava i ISO 9706 (1994) og ha vedlagt prøver på papiret som skal godkjennast. Spesifikasjonane i dokumentasjonen skal gis i samsvar med ISO-standard. Dokumentasjonen skal vere utført av eit relevant laboratorium, men produsenten sine data blir aksepterte. Dokumentasjonen kan ikkje vere eldre enn tre år.

Godkjenningar blir gitte for tre år om gangen. Eldre godkjenningar utan tidsavgrensing skal også fornyast for periodar på tre år. Kunden har sjølv ansvar for å søkje om fornya godkjenning. Når det blir søkt om fornya godkjenning skal det leggjast fram ny dokumentasjon ettersom produksjonen kan vere endra sidan sist.

Nedanfor følgjer to lister over dei papirkvalitetane som Riksarkivaren har godkjent i samsvar med gjeldande standard. Den første lista gjeld papir til kontorbruk, den andre papir til reguleringskart.

Det er utløpsmånad og -år for godkjenningane. Godkjenningar som har stoppa i 4. kvartal 2012 er førebels ikkje fjerna frå lista. Listene blei sist oppdaterte 8. februar 2013.

## Kontorpapir

Kravet vårt er at papiret oppfyller ISO 9706 og at det er kvitt og "ubestrøke". Berre 80 g/m blir akseptert. Lista er avgrensa til papir for kontorbruk, for skrivarar og kopimaskinar. Vi har ikkje godkjenning for trykkpapir eller omslag, som nokre ganger blir brukt som kopieringspapir og som også kan oppfylle standarden for ISO 9706.

- Cocoon Office 10/2015
- Cocoon Offset 10/2015
- Cocoon Preprint 10/2015
- Copy 80 09/2015
- Data Copy 10/2015
- Diajet EcoColor Matt 3650 01/2014
- Image Business 10/2015
- Image Volume 10/2015
- Maestro Extra (grade 505) 12/2013
- MultuCopy Colour Laser 09/2015
- Nordic office 06/2013
- Pioneer 10/2015
- Pioneer Preprint 10/2015
- Plano Dynamic 09/2015
- Plano Plus 09/2015
- Sky Copy 09/2015
- Sky Laser 09/2015
- Staples Copy 12/2012

- Staples Multiuse 12/2012
- Staples Premium 09/2015
- Superior 09/2015
- Symbiographic 12/2012
- Symbiotext 12/2012
- Symbio Copy 10/2015
- Scandicopy 12/2012
- Team 10/2015
- Truecolor Papier Matt 3330 01/2014
- UPM Office copy/print 01/2016
- Zoom 12/2012
- Zoom Extra 12/2012

## **Papir til reguleringskart**

Kravet vårt er at papiret oppfyller ISO 9706 og at det er kvitt og "ubestrøke". Berre 90 g/m<sup>2</sup> blir akseptert. Lista gjeld papir til blækkskrivarar. Til fargekopiar opp til A3-format kan det også brukast vanleg kontorpapir, sjå liste 1.

- Maestro Extra (grade 505) 12/2013
- STP-90
- Z-Plot 650

(Kopi frå Arkivverket

<http://arkivverket.no/arkivverket/Offentleg-forvalting/Arkivering/Papir-og-blanda-arkiv/Krav/til-papir>)

# Krav til kontorinnbindingssystem

Ifølgje fellesføresegnene for innbinding av møtebøker, kopibøker, register mv. i statleg og kommunal forvaltning (kap. VII i Forskrift om utfyllande tekniske og arkivfaglege føresegner om behandling av offentlege arkiv) kan Riksarkivaren godta visse typar av kontorinnbinding. Som følgje av dette fastsette Riksarkivaren i 2009 kriterium for godkjenning av retningslinjer for bruk av kontorinnbindingssystem.

## Kriterium for godkjenning av kontorinnbindingssystem

Fastsette av Riksarkivaren 10. august 2009.

Det blir vist til forskrift 1. desember 1999 nr. 1566 om utfyllande tekniske og arkivfaglege føresegner om behandling av offentlege arkiv (Forskrift om behandling av offentlege arkiv).

Med heimel i kapittel VII, punkt 3, blir følgjande kriterium lagde til grunn for godkjenning av kontorinnbindingssystem:

- Kontorinnbindingssystem som ein ønskjer å få godkjent, må fysisk framleggjast for utprøving og vurdering. Ulike modellar blir godkjende individuelt.
- Innbindinga skal bestå av eit omslag eller av permar med ein innlagd, eventuelt pålimd, metallkanal. Ved hjelp av ei mekanisk innretning blir kanalen klemt saman om ryggen på arka som skal bindast inn.
- Metallkanalen må vere av rustfritt stål/fjørstål, ev. høglegert stål. Den må ha avrunda kantar så det ikkje oppstår rifter i overtrekksmaterialet.
- Dersom metallkanalen er pålimd, må det nyttast ein type lim som er kjemisk stabil over tid.
- Klemstyrken i maskina må vere stor nok til å kunne sikre at arka ikkje kan dragast ut. Klemstyrken må ikkje vere så stor at papiret blir skadd.
- Permane som blir nytta, må vere av syre- og ligninfri papp.
- Det må leggjast fram datablad på lim, papp og overtrekkspapir.
- Godkjenningar blir gitt for tre år, og det er ansvaret til forhandlaren å sørge for fornya godkjenning. Kan det dokumenterast at produksjon og modell er uendra sidan førre godkjenning, kan godkjenninga fornyast utan ny utprøving og vurdering.

## Retningslinjer for bruk av kontorinnbindingssystem

Fastsette av Riksarkivaren 10. august 2009.

Det blir vist til forskrift 1. desember 1999 nr. 1566 om utfyllande tekniske og arkivfaglege føresegner om behandling av offentlege arkiv (Forskrift om behandling av offentlege arkiv).

Med heimel i kapittel VII, punkt 3, har Riksarkivaren fastsett kriterium for godkjenning av kontorinnbindingssystem. Følgjande utfyllande retningslinjer gjeld for bruk av kontorinnbindingssystem:

Ved innbinding til arkivformål skal det

- brukast stive permar dersom binda skal stillast opp separat. Skal binda oppbevarast i eske, kan det nyttast mjuke permar.
- øvst og nedst i kvar bunke skal det leggjast kvite, uskrivne ark som tilfredsstillar standard ISO 9706.

## **Godkjente innbindingssystem**

Nedanfor følgjer ei oversikt over dei innbindingssystema som er godkjente etter ovannemnde kriterium. Oversikta er sist oppdatert 5. mai 2011.

- Leitz Impressbind

(Kopi frå Arkivverket

<http://arkivverket.no/arkivverket/Offentleg-forvalting/Arkivering/Papir-og-blanda-arkiv/Krav/til-konto-rinnbindingssystem>)

# Krav til lim og klister til etikettar

I føresegner om avlevering og overføring av ikkje-elektronisk arkivmateriale i statsforvaltninga, fastsette av Riksarkivaren 1. desember 1999 (forskrift nr. 1566) med heimel i forskrift 11. desember 1998 nr. 1193 om offentlege arkiv, heiter det i pkt. 8.4: "Etikettane skal limast på med lim etter standard godkjent av Riksarkivaren."

Problema med å finne fram til lim og få festa etikettar på ein tilfredsstillande måte, er av praktisk art. Riksarkivaren har derfor ikkje funne å ville gi egne forskrifter om dette, men har i staden fått utarbeidd ei rettleiing som vil vere til hjelp i det praktiske arbeidet. Rettleiinga blei sist omarbeidd i 2011 og godkjent av Riksarkivaren 6. april 2011.

## 1. Etikettar på arkivesker, kontorinnbindingar og bind utan kulturhistorisk verdi

På esker og bind som ikkje har nokon verdi utover det å verne bokblokka, kan fleire typar limstoff nyttast, for eksempel gummierte, stivelses-, akryl-, cellulose- eller vinylbaserte. Det er viktig at klisteret ikkje avgir skadelege substansar til bokblokka eller sure gassar som påverkar klimaet i magasina.

## 2. Etikettar på protokollar og bøker

På originalbind er det viktig å bruke eit limstoff som er reversibelt (kan fjernast) og ikkje bryt ned objektet. Det finst fleire typar lim på marknaden. Desse kan vere baserte på stivelse, cellulose, akryl eller andre substansar som let seg aktivere med vatn. Det finst også ferdige limetikettar som er akrylbaserte eller gummierte og som blir aktiverte ved lett fukting. Kva for eit limstoff som bør veljast, er avhengig av størrelsen på samlinga, økonomiske rammer og praktisk tilretteleggjing. Det er viktig at alle typar limstoff som blir nytta til etikettering er godkjente med om omsyn til spesifikke standarder og internasjonale retningslinjer.

Riksarkivet si konserveringsgruppe kan kontaktast om spørsmål som gjeld etikettering.

(Kopi frå Arkivverket

<http://arkivverket.no/arkivverket/Offentleg-forvalting/Arkivering/Papir-og-blanda-arkiv/Krav/til-lim>)

# Pennar

Det svenske riksarkivet har i Riksarkivets föreskrifter och allmänna råd om tekniska krav och certifiering, RAFS 2006:4, 4 kap. § 4 ei liste over kulepennar som oppfyller krava i SS-ISO 11798, utgåve 1. Vi har ikkje kjennskap til om alle pennane er å få i Noreg.

## **ALKEJ AB**

Artline Softline 1500, 0,3 mm, svart  
Artline Softline 1500, 0,3 mm, blå  
Artline Softline 1500, 0,3 mm, rød  
Artline Softline 1500, 0,3 mm, grønn

## **Ballograf AB**

Ballograf Original Refill, fine, medium, blå

## **Bic Nordic AB**

Bic Crystal medium, blå  
Bic Clic medium, blå

## **Jaan Ingel AB**

Stainless TC ball INGLI 1,0 mm, blå

## **Noroffice AB**

Neo-Fix rollerball, 0,5 og 0,7 mm, blå

## **Rahmqvist Delectum AB**

New Roller 17721, svart  
New Roller 17771, svart  
New Roller 17723, 0,5 mm, blå  
New Roller 17773, 0,7 mm, blå  
New Roller 17722, 0,5 mm, rød  
New Roller 17772, 0,7 mm, rød

Lista er henta frå Sveriges Provnings- og Forskningsinstituts (SP) liste over sertifiserte produkt. Se <http://www.sp.se/sv/index/services/certprod/certprodprofil/arkiv/skriv/kulp/Sidor/default.aspx> Den er oppdatert pr. februar 2009.

(kopi frå Arkivverket

<http://arkivverket.no/arkivverket/Offentleg-forvalting/Arkivering/Papir-og-blanda-arkiv/Krav/til-pennar>)

# Riksarkivaren - Arkivfagleg stoff, lovverk og rettleiingar - Offentleg forvaltning

Riksarkivet si nettside er sentral for regelverk, rettleiing, bestemmelser og retningsliner.

Riksarkivarens øvrige rapporter og retningsliner for arkivarbeidet;

<http://arkivverket.no/arkivverket/Offentleg-forvaltning/Regelverk>

# Riksarkivaren - Arkivfagleg stoff, lovverk og rettleiingar - Privat arkiv

<http://arkivverket.no/arkivverket/Privatarkiver/Bevaring-av-privatarkiver/Lover-og-retningslinjer>

# Yrkesetiske retningslinjer for arkivarar

Formålet med regelverket er å gje ei etisk ramme for rettleiing av medlemmer av arkivaryrket, ikkje å gje konkrete løysningar på spesielle problem.

<http://www.arkivverket.no/arkivverket/Offentleg-forvalting/Regelverk/Yrkesetikk/Retningslinjer>

# Krav og standarder

Arkivskaparen møter ei rekkje føresegner, retningslinjer, krav og standardar som gjeld arkiv. Det blir stilt krav til arkivlokale, kvalitet på papir til premanent bevaring, brukelege kulepennar og rekkefølge på papirarkivseriar.

# Arkivlokale

## Arkivlokale

Eit arkivlokale er staden der arkivmaterialet har fast tilhald. Kontor der dokument blir oppbevarte når dei inngår i saksbehandlinga, er ikkje arkivlokale.

- Aktivt arkiv som er i dagleg bruk, kan oppbevarast i kontorlokale nær arkivtenesta og saksbehandlarar.
- Bortsett arkiv som blir brukt sporadisk, kan oppbevarast i eit lokale lenger unna, men bør vere tilgjengeleg for arkivtenesta på ein enkel måte.
- Fjernarkiv som er svært sjeldan i bruk, kan oppbevarast langt unna, gjerne saman med andre verksemder eller hos ein kommersiell aktør.

### Vanlege arkivrom eller spesialrom?

Arkivforskrifta omtalar to typar arkivlokale: *vanlege arkivrom* og *spesialrom* for arkiv.

- Dersom det jamleg og ofte blir brukt arkivsaker i bortsettjingsarkivet, kan materialet oppbevarast i vanlege arkivrom.
- Dersom dei bortsette sakene blir brukte vesentleg sjeldnare enn dei aktive sakene, skal dei bortsette sakene oppbevarast i spesialrom.

### Kva er krava til arkivlokale?

I arkivforskrifta er det generelle krav som gjeld alle arkivlokale. For spesialrom for arkiv er krava strengare.

Offentlege arkiv skal oppbevarast slik at dei er sikra som informasjons- og dokumentasjonskjelder både på kort og lang sikt (jf. § 6 i arkivlova). Dette inneber at arkiva må oppbevarast i lokale som er egna for langtidslagring av arkiv.

Først og fremst må arkivmaterialet vernast mot ytre påverknad som kan føre til reduksjon eller tap av informasjon og dermed av verdien som dokumentasjon. Det er derfor viktig å:

- hindre at arkivmateriale blir skadd gjennom ytre påverknad (vasskadar, brann osv.)
- redusere den fysiske aldringa og slitasjen mest mogeleg (klimatiske forhold, fysisk og kjemisk påverknad frå omgivingane, bruksmessige forhold osv.)
- hindre at uvedkomande får tilgjenge til å skade eller fjerne arkivmateriale (skadeverk, ureglementert utlån og bruk, tilgrising og uorden osv.)
- hindre at uvedkomande får innsyn i arkivmateriale som ikkje er offentleg tilgjengeleg

Riksarkivaren har utarbeidd ei rettleiing for offentlege organ om krav til arkivlokale.

Utanriksdepartementet har sørgt for engelsk og fransk omsetjing. Temaet er også omtalt i Ivar Fønnes, Arkivhåndboken for offentlig forvaltning, Oslo 2009, kapittel 10.

## Bygningstekniske krav til arkivlokale

I tillegg til forskrifta listar vi opp nokre utfyllande tilrådingar:

### Krav til golv og bereevna til reolane

Golv og reolar i arkivlokale skal ha tilstrekkeleg bereevne for vekta til arkivmaterialet jf. § 4-4. Rettleiande tal for berekning av vekta til arkivmaterialet er:

Format	Hylledybde	Vekt
A4	32 cm	60 kg/hyllemeter
Folio	37 cm	80 kg/hyllemeter
Spesialformat	45 cm	120 kg/hyllemeter

Vekta til reolane og anna utstyr i rommet kjem i tillegg.

### Krav til temperatur og fuktinnhald i luft

Arkivforskrifta stiller ikkje spesifiserte krav til klima for dei ulike typane arkivmateriale. Dette skuldast nok delvis at det stadig kjem til nye medium, og at ei slik liste derfor fort kan bli forelda.

På den andre sida har det enkelte organ behov for konkrete spesifikasjonar dersom føresegna skal få praktiske konsekvensar. Den følgjande tabellen er sett opp for å avhjelpe dette behovet.

Tabellen må reknast som ein rettleiande spesifikasjon. Men det er grunn til å tru at Riksarkivaren vil stille krav som ligg nær desse:

Medium	Temperatur	Fuktinnhald	Spesielle krav
Papir	18 - 22 C	45 - 55 %	
Mikrofilm (arkivfilm)	10 - 15 C	25 - 35 %	Lokalet må vere støvfritt. Krev akklimatisering før bruk i vanleg romtemperatur.
Magnetiske databerarar (diskettar, kassetband)	18 - 22 C	45 - 55 %	Unngå elektriske installasjonar som kan påverke magnetiseringa av databerarane. Unngå støv og anna forurensning.
Optiske plater (CD/R)	18 - 22 C	45 - 55 %	
Fotografi	15 - 18 C	Under 50 %	Fotografi bør helst oppbevarast i rom utan dagslys. For optimal langtidslagring er det strengare krav. Kontakt Arkivverket.

### Sikring mot brann

Arkivlokala skal vere separate einingar eller brannceller. Dette inneber at det skal kunne vere brann utanfor lokalet utan at brannen brer seg til arkivlokalet før etter ei fastsett tid. For å oppnå dette må bygningsdelane som eit minimum bestå av eit lite brennbart materiale.

Krava til brannmotstandsevne er utforma i eit kodesystem som består av følgjande element:

- bokstaven R betyr at bygningsdelar som er berande, skal oppretthalde sin lastberande funksjon
- bokstaven E betyr at bygningsdelane skal motstå brannpåkjenning på ei av sidene utan at brannen smittar igjennom som følge av gjennomtrenging av flammar og/eller varme gassar
- bokstaven I betyr at bygningsdelane skal motstå brannpåkjenning på ei av sidene utan at brannen blir overført til baksida som følge av omfattande varmeleining
- eit tal som seier kor mange minutt dei aktuelle bygningsdelane skal oppfylle krava R, E og I

Krava til arkivlokale er som følger:

<b>Type lokale</b>	<b>Brannmotstand</b>	<b>Krav til materiala</b>
Arkivlokale i kontorrom	REI 30	Avgrensa brennbart materiale
Spesialrom for bortsettjingsarkiv	REI 60	Avgrensa brennbart materiale
Spesialrom for eldre og avslutta arkiv (depotarkiv)	REI 120	Ikkje brennbart materiale

#### **Lovhjemmel**

Ifølgje arkivforskrifta § 4-1, er alle lokale der arkiv blir oppbevarte over tid, arkivlokale.

<https://www.arkivverket.no/for-arkiveiere/arkivering/om-arkivering-av-papirarkiv-og-blanda-arkiv>

# Krav til arkivmateriale

## Godkjend papir/krav til papir

Ifølgje arkivforskrifta § 2-12 skal papir som lagringsmedium i offentlege arkiv oppfylle krava i internasjonal standard for permanent papir, ISO 9706.

### Kontorpapir

Kravet vårt er at papiret oppfyller ISO 9706 og at det er kvitt og "ubestrøke". Berre 80 g/m blir akseptert.

### Papir til reguleringskart

Kravet vårt er at papiret oppfyller ISO 9706 og at det er kvitt og "ubestrøke". Berre 90 g/m<sup>2</sup> blir akseptert. Lista gjeld papir til bløkkskrivarar. Til fargekopiar opp til A3-format kan det også brukast vanleg kontorpapir, sjå liste 1.

(Kopi frå Arkivverket

<https://www.arkivverket.no/for-arkiveiere/arkivering/om-arkivering-av-papirarkiv-og-blanda-arkiv>)

## Lim

I føresegner om avlevering og overføring av ikkje-elektronisk arkivmateriale i statsforvaltninga, fastsette av Riksarkivaren 1. desember 1999 (forskrift nr. 1566) med heimel i forskrift 11. desember 1998 nr. 1193 om offentlege arkiv, heiter det i pkt. 8.4: "Etikettane skal limast på med lim etter standard godkjent av Riksarkivaren."

### Etikettar på arkivesker, kontorinnbindingar og bind

Limet skal vere av EVA-typen (etylvinyl acetat) og oppfylle krava i ISO 16245:2009 ( gjerne Gluestar6.90 frå akvivprodukt.no

### Etikettar på protokollar og bøker

På originalbind er det viktig å bruke eit limstoff som er reversibelt (kan fjernast) og ikkje bryt ned objektet. Det finst fleire typar lim på marknaden. Desse kan vere baserte på stivelse, cellulose, akryl eller andre substansar som let seg aktivere med vatn. Det finst også ferdige limetikettar som er akrylbaserte eller gummierte og som blir aktiverte ved lett fukting. Kva for eit limstoff som bør veljast, er avhengig av størrelsen på samlinga, økonomiske rammer og praktisk tilretteleggjing. Det er viktig at alle typar limstoff som blir nytta til etikettering er godkjente med om omsyn til spesifikke standarder og internasjonale retningslinjer.

Riksarkivet si konserveringsgruppe kan kontaktast om spørsmål som gjeld etikettering.

## **Etikettar**

Arkivsystemet ASTA produserer godkjente etikettar.

Etikettane som skal brukast på arkivboksane skal ha dei same opplysningane som er i avleveringslista.

**100 g papir skal nyttast til etikettar!**

## **Pennar**

Det svenske riksarkivet har i Riksarkivets föreskrifter och allmänna råd om tekniska krav och certifiering, RAFS 2006:4, 4 kap. § 4 ei liste over kulepennar som oppfyller krava i SS-ISO 11798, utgåve 1. Vi har ikkje kjennskap til om alle pennane er å få i Noreg.

### **ALKEJ AB**

Artline Softline 1500, 0,3 mm, svart Artline Softline 1500, 0,3 mm, blå Artline Softline 1500, 0,3 mm, rød Artline Softline 1500, 0,3 mm, grønn

### **Ballograf AB**

Ballograf Original Refill, fine, medium, blå

### **Bic Nordic AB**

Bic Crystal medium, blå Bic Clic medium, blå

### **Jaan Ingel AB**

Stainless TC ball INGLI 1,0 mm, blå

### **Noroffice AB**

Neo-Fix rollerball, 0,5 og 0,7 mm, blå

### **Rahmqvist Delectum AB**

New Roller 17721, svart New Roller 17771, svart New Roller 17723, 0,5 mm, blå New Roller 17773, 0,7 mm, blå New Roller 17722, 0,5 mm, rød New Roller 17772, 0,7 mm, rød

Lista er henta frå Sveriges Provnings- og Forskningsinstituts (SP) liste over sertifiserte produkt. Se <http://www.sp.se/sv/index/services/certprod/certprodprofil/arkiv/skriv/kulp/Sidor/default.aspx> Den er oppdatert pr. februar 2009.

(kopi frå Arkivverket

<https://www.arkivverket.no/for-arkiveiere/arkivering/om-arkivering-av-papirarkiv-og-blanda-arkiv>)

# Arkiveske

Spesifikasjon for arkivesker er godkjend av Riksarkivaren 17.01.2014.

Krava er fastsette med heimel i Riksarkivaren si forskrift (forskrift 1.12.1999 nr. 1566) kapittel VI punkt 7.1, jf. arkivforskrifta (forskrift 11.12.1998 nr. 1193) §§ 5-8, 5-10, 3-22 og 3-23, jf. arkivlova (lov 4.12.1992 nr. 126) § 12.

## Spesifikasjon av arkivesker

Arkivmateriale som skal avleverast skal vere emballert i esker som tilfredsstillar dei internasjonale krava til langtidsoppbevaring av papir. Pappen skal vere laga av bufra alfacellulose-pulp med bufferkapasitet mellom 2-3%, naturleg kalsiumkarbonat i samsvar med standardene ISO 9706:1994 og ISO 16245:2009. Eska må i tillegg vere PAT-sertifisert (Photograph Activity Test).

Eska skal vere utforma på ein måte som gjer den mekanisk stabil og vernande for arkivmaterialet. Eska skal ha dobbeltsidige vegger og ei tilleggsstøtte i botnen. Pappen i eska skal vere av bølgepapp med eller utan laminering.

Eska skal lagast av eit heilt stykkje materiale og formast til ved brekking. Loket skal tette godt til og overlape fronten. Det skal ikkje brukast lim eller stiftar.

Eska skal ha ei fast tunge el. slik at den enkelt kan trekkjast ut frå hylla

## Overgangsordning

Riksarkivaren kan i ein overgangsperiode godkjenne avlevering av esker som ikkje følgjer krava som er spesifiserte her.

Seksjon for digitalisering og konservering i Riksarkivet kan kontaktast om spørsmål som gjeld arkiveske

(Kopi frå Arkivverket

<https://www.arkivverket.no/for-arkiveiere/arkivering/om-arkivering-av-papirarkiv-og-blanda-arkiv>)

# Lokalt regelverk

# Etiske retningslinjer for Os kommune

<https://oskommune.no/politikk-og-organisasjon/styringsdokument/etiske-retningslinjer-for-tilsette-og-folkevalde/>

# Styringshandboka

Styringshandboka er Os kommune sitt fremste reiskap for styring av verksemda.

## **Styringshandboka:**

- Gjer greie for dei viktigaste prinsippa og krava som gjeld samla i eit dokument, samstundes som den viser til gjeldande retningsliner og rutinar.
- Set standard for vårt arbeid
- Gjev retning og hjelper oss til å oppnå måla vi har sett for oss sjølve, for einingane og avdelingane våre og samla for verksemda
- Skal vera eit sentralt middel for å byggje ein felles organisasjonskultur i Os kommune

## **Boka skal vera med å sikre at vi har:**

- Felles visjon, ambisjon og mål i vårt arbeid
- Felles styringssystem, med dei prinsipp og krav vi treng for å utføre arbeidet sikkert og effektivt
- Felleskap - "Vi i Os kommune"

Visjon og misjon finn vi i dokumentet "Os Inspirerer". Vår ambisjon er å setje visjon og misjon om til praktisk handling. Det krev ein utviklings- og endringsretta organisasjon som er kjend for:

- Ei dynamisk og effektiv organisasjonsform, med klare og eintydige roller og ansvar
- Eit effektivt og målretta styringssystem som bidrar til felles mål, samstemte handlingar for å nå desse og som vert følgd opp i praktisk handling
- Effektive og automatiserte gjennomgåande arbeidsprosessar
- God leiing og styring - som verdset gode prestasjonar, vilje og dugleik
- Gode medarbeidarar med vilje og dugleik

Os kommune, som arbeidsplass, skal gjennom dette ha eit godt omdømme og vera konkurransedyktig i dagens arbeidsmarknad. Kommunen Os skal vera kjent som ein stad der det er godt å veksa opp, bu og jobba og der det ligg godt til rette for vekst og utvikling for næringslivet.

# Reglement for delegering av mynde

[Reglement for delegering av mynde](#) for Os kommune vart første gong godkjent i kommunestyret 07.05.02 og deretter revidert i kommunestyret 01.10.02. Os kommunestyre vedtok i møte 13.02.07 ny politisk styringsstruktur, og reglement for delegering av mynde blir dermed endra i høve til dette vedtaket.

## **Reglement for delegering av mynde inneheld:**

1.Oversikt over oppgåver som kommunestyret sjølv skal avgjera, og oppgåver og mynde for ordføraren.

2.Mynde til å gjera vedtak som treng delegeringsvedtak for å kunna utførast av andre organ enn kommunestyret.

3.Oversikt over styre, råd og utval

All delegert avgjerdsrett må brukast i samsvar med lover, forskrifter og retningsliner gjevne av overordna organ, og innanfor dei rammer og føresetnader som ligg i budsjett, økonomiplan og kommuneplan.

Den som har fått delegert avgjerdsrett kan, ved særskilte høve, overlata til overordna instans å ta avgjerd.

Det må førast møtebok for forvaltningssaker, også når slike saker vert avgjort i administrasjonen, og det må etablerast ryddige rutinar for tilbakemelding til politiske organ om dei avgjerder som er gjort.

# Kommunale planar

<https://oskommune.no/organisasjon/planar-og-kart/>

# Rutiner for elektroniske elevarkiv i grunnskulen

[Elektroniske elevarkiv i grunnskolen, rutiner.docx](#) 1,91 MB

# Retningslinjer for bruk av sosiale medier i Os kommune

<https://oskommune.no/politikk-og-organisasjon/styringsdokument/retningslinjer-for-bruk-av-sosiale-medium/>

# Unnateke offentlegheita - bruk av paragrafer

## Anvendning av lovparagrafer for å unndra dokument fra offentlighet - Os kommune

Denne lovparagrafoversikta er også bygd inn i kommunens sak/arkivsystem.

Lov & §	Beskriving	Bruk
Offl. § 03	Ein kan be om innsyn i dokumentet	Saksdokument, journalar og liknande register for organet er opne for innsyn dersom ikkje anna følgjer av lov eller forskrift med heimel i lov. Alle kan krevje innsyn i saksdokument, journalar og liknande register til organet hos vedkommande organ.
Offl. § 05	Utsett innsyn	Organet kan fastsetje at det i ei bestemt sak først skal vere innsyn frå eit seinare tidspunkt i saksførebuinga enn det som følgjer av §§ 3 og 4, såframt det er grunn til å tru at dei dokumenta som ligg føre, gir eit direkte misvisande bilete av saka, og at innsyn derfor kan skade klare samfunnsmessige eller private interesser.
Offl. § 07	Bruk av offentleg informasjon	Informasjon som det er gitt tilgang til etter lova her eller anna lovgiving som gir ålmenta rett til innsyn i offentleg verksemd, kan brukast til eitkvart formål dersom ikkje anna lovgiving eller retten til ein tredjeperson er til hinder for det.
Offl. § 08	Hovudregel om gratis innsyn	Organet kan berre krevje betaling for innsyn etter denne lova dersom det har heimel i forskrift etter andre eller tredje ledd.
Offl. § 10	Dokumentet er offentleg men ikkje publisert	Kommunen har plikt til å føra postjournal, men har ikkje plikt til å publisere dokument på nett. Ved bruk av denne hjemmelen har ikkje saksbehandlar vurdert sak/dokumenta for publisering fortløpande, men må vurdere publisering når det kjem innsynskrav.  Då må ein vurdere om dokumenta inneheld opplysningar som er underlagt taushetsplikt.  Kommunen kan gi innsyn i dokument etter at taushetsbelagte opplysningar er sladda så lenge resterande del ikkje gjer eit misvisande bilete av innhaldet, eller at dei sladda opplysningane ikkje utgjør størsteparten av dokumentet.
Offl. § 11	Meirinnsyn	Når det er høve til å gjere unntak frå innsyn, skal organet likevel vurdere å gi heilt eller delvis innsyn. Organet bør gi innsyn dersom omsynet til offentleg innsyn veg tyngre enn behovet for unntak.

Offl. § 12 Delar av innhaldet er underlagd teieplikt	<p>Når organet gjer unntak frå innsyn for delar av eit dokument, kan det også gjere unntak for resten av dokumentet dersom</p> <p>a) desse delane aleine vil gi eit klart misvisande inntrykk av innhaldet,</p> <p>b) det vil vere urimeleg arbeidskrevjande for organet å skilje dei ut, eller</p> <p>c) dei unnatekne opplysningane utgjer den vesentlegaste delen av dokumentet.</p>
Offl. § 13 Opplysningar som er underlagde teieplikt	<p>Opplysningar som er underlagde teieplikt i lov eller i medhald av lov, er unnatekne frå innsyn.</p> <p>Føresegnene i forvaltningsloven om teieplikt gir sjølvstendige rettssubjekt som er nemnde i § 2 første ledd bokstav c eller d i lova her, høve til å gjere unntak for dokument og opplysningar i same omfang som dei gir forvaltningsorgan det.</p> <p>Gjeld innsynskravet eit dokument som inneheld opplysningar som er underlagde teieplikt, og denne plikta fell bort dersom den som har krav på tystnad samtykkjer, skal innsynskravet saman med ei eventuell grunngeving på oppmoding leggjast fram for vedkommande med ein høveleg frist til å svare. Svarar vedkommande ikkje, skal dette reknast som nekting av samtykke.</p>
Offl. § 13.1 Opplysningar som er underlagde teieplikt	Opplysningar som er underlagde teieplikt i lov eller i medhald av lov, er unnatekne frå innsyn.
Offl. § 14 Dokument utarbeidde for eiga saksførebuing	Eit organ kan gjere unntak frå innsyn for dokument som organet har utarbeidd for si eiga interne saksførebuing.
Offl. § 14.1 Dokument utarbeidde for eiga saksførebuing	Eit organ kan gjere unntak frå innsyn for dokument som organet har utarbeidd for si eiga interne saksførebuing.
Offl. § 15 Dokument innhenta utanfrå for den int. saksførebu.	<p>Når det er nødvendig for å sikre forsvarlege interne avgjerdsprosessar, kan organet gjere unntak frå innsyn for dokument som organet har innhenta frå eit underordna organ til bruk i den interne saksførebuinga si. Det same gjeld dokument som eit departement har innhenta frå eit anna departement til bruk i den interne saksførebuinga si.</p>
Offl. § 16 Innsyn i interne dokument hos kommunane og fylkesk	<p>Unntaka i §§ 14 og 15 gjeld ikkje:</p> <p>a) saksframlegg med vedlegg til eit kommunalt eller fylkeskommunalt folkevalt organ,</p> <p>b) sakliste til møte i folkevalde organ i kommunar og fylkeskommunar,</p> <p>c) dokument frå eller til kommunale og fylkeskommunale kontrollutval, revisjonsorgan og klagenemnder, og</p> <p>d) dokument i saker der ei kommunal eller fylkeskommunal eining opptrer som ekstern part i høve til ei anna slik eining.</p>
Offl. § 18 Unntak for rettssaksdokument	Det kan gjerast unntak frå innsyn for dokument som eit organ har utarbeidd eller motteke som part i ei rettssak for norsk domstol.

Offl. § 22 Unntak i visse budsjettsaker	Det kan gjerast unntak frå innsyn for dokument som er utarbeidde av eit departement, og som gjeld statlege budsjettsaker. Det same gjeld for opplysningar om førebelse budsjettrammer fastsette av regjering eller departement i dokument frå underliggjande organ og etatar, og frå Det Kongelege Hoff, Domstoladministrasjonen og Sametinget.
Offl. § 23 Unntak av omsyn til det offentlege sin forhandling	Det kan gjerast unntak frå innsyn for opplysningar når det er påkravd av omsyn til ei forsvarleg gjennomføring av økonomi-, lønns-, eller personalforvaltninga til organet.
Offl. § 24 Unntak for kontroll- og reguleringstiltak	Unntak for kontroll- og reguleringstiltak, dokument om lovbrøt og opplysningar som kan lette gjennomføringa av lovbrøt m.m. Det kan gjerast unntak frå innsyn for opplysningar når det er påkravd fordi innsyn ville motverke offentlege kontroll- eller reguleringstiltak eller andre pålegg eller forbod, eller føre til fare for at dei ikkje kan gjennomførast.
Offl. § 25 Unntak for tilsetjingssaker m.m.	Det kan gjerast unntak frå innsyn for dokument i sak om tilsetjing eller forfremjing i offentlig teneste. Unntaket i første ledd gjeld ikkje søkjarlister.
Offl. § 26 Unntak for eksamenssvar og karakterar m.m.	Det kan gjerast unntak frå innsyn for svar til eksamen eller liknande prøve og innleverte utkast til konkurranse eller liknande. Det same gjeld tilhøyrande oppgåver inntil vedkommande eksamen eller prøve er halden eller vedkommande konkurranse er lyst ut. Det kan dessutan gjerast unntak frå innsyn for karakterar og vitnemål frå utdanning.
Offl. § 28 Innsynskravet	Innsyn kan krevjast skriftleg eller munnleg. Innsynskravet må gjelde ei bestemt sak eller i rimeleg utstrekning saker av ein bestemt art. Dette gjeld ikkje når det blir kravd innsyn i ein journal eller liknande register.
Offl. § 31 Avslag og grunngiving	Avslag på innsynskrav skal vere skriftleg. Organet skal alltid vise til den føresegna som gir grunnlag for avslaget, og til kva ledd, bokstav eller nummer i føresegna som er brukt. Dersom § 13 er grunnlag for avslaget, skal organet også vise til føresegna som pålegg teieplikt. Byggjer avslaget på forskrift, må organet opplyse om dette, og kva punkt i forskrifta avslaget byggjer på. Avslaget skal også opplyse om høvet til å klage og om klagefristen.
Offl. § 32 Klage	Avgjerder etter denne lova kan påklagast til det forvaltningsorganet som er nærmast overordna det forvaltningsorganet som har gjort vedtaket. Avgjerder om å gi innsyn kan likevel ikkje påklagast. Fylkesmannen er klageinstans for vedtak i kommunalt eller fylkeskommunalt organ. Kongen kan gi forskrift om kva organ som skal vere klageinstans for avgjerder tekne av statlege organ. Kongen kan også gi forskrift om kva organ som skal vere klageinstans for avgjerder av rettssubjekt som er omfatta av § 2 første ledd bokstavane b til d. Når det blir klaga på ei avgjerd frå eit departement, skal departementet opplyse klagaren om at retten til å klage til Sivilombodsmannen ikkje gjeld for avgjerder gjorde av Kongen i statsråd.

Offl. § 33 Iverksetjing og  
overgangsreglar

Lova gjeld frå den tid Kongen fastset.1 Frå same tid blir  
lov 19. juni 1970 nr. 69 om offentlighet i forvaltningen  
oppheva.

Tabellen inneheld sentralt regelverk som leiarar og saksbehandlarar nyttar for å undra dokument fra  
offentlighet. Lova finn du i si heilhet på [Lovdata](#).

# Arkivnøkkel - K-kodar

Arkivforskrifta § 2-3 seier at eit organ normalt skal ha eit klassifikasjonssystem - ein arkivnøkkel - som omfattar alle dei saksområda organet steller med.

Ein arkivnøkkel er eit system for ordning av sakarkiv basert på eitt eller fleire ordningsprinsipp. Arkivnøklar viser inndelingsprinsipp og rekkjeordningssystem og nyttar vanlegvis eit ordningsprinsipp med inndeling etter emne. Os kommune nyttar ein arkivnøkkel basert på K-kodesystemet. K-kodane er ei forkorting for "kommunale kodar" som KS har utarbeidd for m.a.kommunar for arkivering av saksdokument. Ansvar for å vidareutvikle og ajourføre K-kodane ligg hjå KS og Kommuneforlaget.

## **Føremålet med arkivnøkkelen er:**

- Sikre at all arkivverdig dokumentasjon blir klassert/koda på ein strukturert og heilskapeleg måte
- Sikre at det er mogleg å finne att saker og dokument ved hjelp av arkivkodar/emnesøk
- I eit papirarkiv vil arkivkoden vere adressa til der kor behandla saker er arkiverte
- Sikre ei systematisk oversikt over alle behandla saker i eit sakarkiv
- Lette tilgangen til og bruken av arkiva ved å kunne søkje på emne

## **K-kodeheftet er sett saman av to delar:**

- Ei systemforklaring med ei oversikt over korleis K-kodane er bygde opp, og ei kort forklaring til korleis ein skal nytte nøkkelen
- Ein systematisk del, som er sjølv kodesystemet i arkivnøkkelen, og som består av *fellesklasser*, *fagklasser* og *tilleggsodar*.

## **Vedlikehald av K-kodar**

K-Kodar vert oppdatert lokalt, og manuelt lagt inn i Websak ved behov

# Kommunikasjonsstrategi

<https://oskommune.no/politikk-og-organisasjon/styringsdokument/kommunikasjonsstrategi/>

# Reglement for politiske utval

<https://oskommune.no/politikk-og-organisasjon/styringsdokument/reglement-for-politiske-utval/>

# Politivedtekter for Os kommune

<https://lovdata.no/dokument/PV/forskrift/2017-10-31-1700?q=politivedtekter%20os>

# Retningslinjer

# Arkivering i sakarkiv og i pasientjournalarkiv

Kommunesektoren håndterer mye dokumentasjon som er knyttet til helsetjenester. Mesteparten av dette er sensitive personopplysninger. Hvilken dokumentasjon skal i sakarkivsystemet og hvilken dokumentasjon skal pasientjournalssystemet?

KS har ofte blitt spurt om dokumentasjonen som oppstår i helse- og omsorgstjenesten – hvilken dokumentasjon skal i sakarkivet og hvilken dokumentasjon skal pasientarkivet? Årsaken til at denne usikkerheten oppstår kan være at den kommunale helse- og omsorgstjenesten vanligvis benytter samme system (pleie- og omsorgssystem) både til sakarkivet og de pasientjournaler som opprettes på grunnlag vedtak om innvilgning av tjenester. Derfor kan skillet mellom sakarkiv og pasientarkiv virke diffust

KS har laget denne informasjonen om arkivering i sakarkiv og i pasientarkiv som en hjelp til å få rett dokumentasjon på riktig plass. Informasjonen er godkjent av Riksarkivaren .

## Regelverket

Håndteringen av opplysninger og dokumentasjon av helsehjelp er regulert i helselovgivningen, og styrer mellom annet bruk, tilgangsrettigheter, retting, sletting med mer.

I tilknytning til helse- og omsorgstjenester finnes det en del dokumentasjon som ikke angår selve den helsehjelpen. Dette er typisk søknader, vedtak, klager og hendelsesutløst rapportering, som må ses på som saksbehandling etter forvaltningsloven. Denne saksbehandlingen er underlagt saksbehandlingsreglene i forvaltningsloven. Dokumentene er saksdokumenter i offentlighetslovens forstand og skal føres i postjournal og arkiveres i tråd med arkivloven.

## Sammenblanding i arkivdanningen

Lovverket for helsehjelp og forvaltningsrettslig saksbehandling har ulike krav til tilgang, sletting, langtidslagring og gjenbruk. Det er derfor viktig at dokumentasjonen ikke blir sammenblandet i arkivdanningen. Det viser seg imidlertid at det ofte skjer. Vi har eksempler på at det er ført saksdokumentasjon i pasientjournalssystemene og helsedokumentasjon i sakarkivsystemene. Dette skyldes i enkelte tilfeller rutinesvikt, for eksempel at epikriser blir journalført i sakarkivsystemet fordi det fulgte et følgebrev med. I andre tilfeller skyldes det at løsningene som benyttes for håndtering av dokumentasjonen, ikke skiller klart mellom de to typene, noe som for eksempel kan føre til at elektroniske meldinger fra helseforetakene kommer til postjournalen.

## Pasientarkiv og saksbehandling

Beslutninger om helsehjelp treffes av helsepersonell i kraft av deres autorisasjon som lege, sykepleier eller lignende og skal dokumenteres i pasientjournal i henhold til bestemmelsene i helsepersonelloven[1] og pasientjournalforskriften[2]. Pasientjournalene skal arkiveres i virksomhets pasientarkiv[3].

Kommunens/fylkeskommunens sakarkiv[4] skal inneholde dokumenter som er kommet inn til eller sendt ut fra kommunen/fylkeskommunen, som gjelder ansvarsområdet eller virksomheten til

kommunen/fylkeskommunen, og som har verdi som dokumentasjon og er gjenstand for saksbehandling. I denne sammenhengen er «saksbehandling» å forstå som den vurderingen som gjøres av et saksforhold fram til beslutning og eventuell utarbeidelsen av et (svar)dokument. Terskelen for å kalle noe for saksbehandling, skal normalt være lav. Dokumentene i sakarkivet er saksdokumenter etter offentlighetsloven[5] og journalføringspliktige etter arkivforskriften[6].

### **Dette skal i sakarkivet**

Innenfor den kommunale helse- og omsorgstjenesten har en tradisjon for å benytte IT-systemer som støtter opp under hele prosessen fra mottak av søknad om en slik tjeneste via saksbehandling og vedtak til gjennomføring av tjenesten og behandling av eventuelle klager på tjenesten.

For å kunne behandle en søknad om kommunale helse- og omsorgstjenester er det behov for en kartlegging av søkerens helsetilstand for å kunne avgjøre om søknaden kan innvilges. Selv om denne kartleggingen ofte foretas av en sykepleier eller annet helsepersonell og det gjerne også innhentes opplysninger fra pasientjournaler, skal behandlingen av søknaden lede fram til et enkeltvedtak og hele saken skal derfor arkiveres i sakarkivet.

### **Dette skal i pasientjournalssystemet**

Dersom en søknad om kommunal helse- og omsorgstjeneste innvilges, skal det opprettes pasientjournal og gjennomføring av tjenesten skal i sin helhet dokumenteres i denne. Dette gjelder også all utgående og inngående post som er relatert til gjennomføringen av tjenesten, slik som f.eks. henvisninger, rapporter, kartleggingsskjemaer, referat fra samarbeidsmøter, innkalling til møter, flyttemeldinger, sakkyndig vurdering, individuelle planer, samtykkeerklæringer, epikriser og laboratoriesvar. Slike dokumenter skal registreres i pasientjournalen og arkiveres i pasientarkivet som en del av pasientjournalen.

### **Dette skal i sakarkivet**

Dersom det mottas en klage på gjennomføringen av kommunale helse- og omsorgstjenester, skal det startes en saksbehandling som skal ende opp med enkeltvedtak i forvaltningslovens forstand. Følgelig skal klagesaker arkiveres i sakarkivet. Ved slike klagesaker vil det ofte være behov for opplysninger fra pasientjournal for å kunne foreta en forsvarlig behandling av klagen, og i enkelte tilfeller kan det også være nødvendig å kopiere enkelte dokumenter fra pasientjournalen inn i klagesaken i sakarkivet. Slik kopiering er tillatt, men bør imidlertid begrenses til et minimum.

### **Tilgangsstyring**

Ettersom den kommunale helse- og omsorgstjenesten vanligvis benytter samme system både til sakarkivet og de pasientjournaler som opprettes på grunnlag vedtak om innvilgning av tjenester, kan skillet mellom sakarkiv og pasientarkiv virke mer diffust i et slikt system enn hos de statlige helseforetakene som benytter helt forskjellige systemer for sakarkiv og pasientarkiv. Dette kan være et problem ikke bare når det gjelder arkivering, men også når det gjelder styring av tilgang. Det er kun i forbindelse med saksforberedelse at en saksbehandler kan gis tilgang til opplysninger i en pasients journal, og da kun til de opplysninger som er nødvendige for å forberede saken. Når saken er ferdig behandlet skal saksbehandleren ikke lengre ha tilgang til pasientens journal.

## **Noark-standarden gjelder for sakarkivet, EPJ-standarden for pasientjournalssystemet**

NOARK-standarden, som gjelder[6] for sakarkivet og elektronisk føring av postjournal, dekker ikke krav til føring av elektronisk pasientjournal som følger av helselovgivningen.

KITH som pr. 1. januar 2013 ble overført til Helsedirektoratet, har imidlertid utarbeidet et sett av fem grunnleggende standarder som gjelder for alle typer EPJ-systemer samt et sett med fire standarder som er spesielt rettet mot den kommunale pleie- og omsorgssektoren[9]. I motsetning til NOARK-standarden er ikke disse standardene gjort obligatorisk gjennom forskrift, men det anbefales at det refereres til standardene ved anbudsforespørsler slik at den kan gjøres bindende gjennom avtale mellom den enkelte kommune/fylkeskommune og leverandøren.

## **Arkivuttrekk fra pasientjournalssystem**

Det pågår nå et samarbeid mellom Helsedirektoratet og Norsk helsearkiv for å lage en standard for arkivuttrekk fra elektronisk pasientjournaler i spesialisthelsetjenesten for avlevering til Norsk helsearkiv - det er bare spesialisthelsetjenesten som skal avlevere til Norsk helsearkiv.

I første omgang vil ikke standarden dekke kommunespesifikke behov, så som tilbakeføring av deponerte pasientjournaler til arkivskaper og etterfølgende import i samme eller et annet EPJ-system. Men intensjonen at standarden etter hvert også skal kunne tilpasses kommunens/fylkeskommunens behov for uttrekk fra elektroniske pasientjournalssystem.

[1] Helsepersonelloven §§ 39 og 40

[2] Forskrift om pasientjournal §§ 5-8

[3] Pasientarkivet faller inn under bestemmelsen i arkivloven § 2-4 bokstav b.

[4] Jf. arkivloven § 2-4 bokstav a.

[5] Offentleglova § 4

[6] Forskrift om offentlege arkiv §§ 2-6 og 2-7

[7] Arkivforskriften § 2-9

# Yrkesetiske retningslinjer for arkivarar

Formålet med dette regelverket er å gi ei etisk ramme for rettleiing av medlemmer av arkivaryrket, ikkje å gi konkrete løysningar på spesielle problem.

## **1. Arkivarar bør verne om arkivmaterialet sin integritet i alle samanhengar, og slik sikre at det også i framtida kan vere ei påliteleg kjelde til kunnskap om fortida**

Arkivarane si viktigaste oppgåve er å oppretthalde integriteten i det arkivmaterialet som dei har i si forvaring. Arkivarane bør i arbeidet sitt ta omsyn til dei legitime, men av og til motstridande rettar og interesser som kan oppstå hos arbeidsgjevarar, eigarar og brukarar av arkiv og personar som er registrerte i arkiv - i fortid, notid og framtid. At arkivarane er objektive og upartiske, er eit mål på deira profesjonalitet. Dei bør stå imot press som siktar mot å manipulere prov for å dekke over eller forvrengje fakta.

## **2. Arkivarar bør vurdere, velje ut og oppbevare arkivmateriale i sin historiske, juridiske og administrative samanheng, og slik halde fast på proveniensprinsippet om å bevare og tydeleggjere arkivdokumentena sin opphavlege samanheng**

Arkivarane bør arbeide i samsvar med allment godtekne prinsipp og praksis. Dei bør løyse sine oppgåver i samsvar med arkivfaglege prinsipp, med omsyn til

1. korleis aktive arkiv og bortsettjingsarkiv - og elektroniske arkiv og arkiv i multimediaformat - oppstår, vert haldne ved like og arkivlagde
2. utveljing og akkvisisjon av arkiv
3. sikring, bevaring og konservering av dei arkiva som dei har ansvar for
4. ordning, katalogisering, publisering og tilgjengeleggjering av arkiva

Arkivarane bør vurdere arkiv upartisk og basere si avgjerd på ein grundig kjennskap til institusjons administrative krav og aksjesjonspolitikkk i eigen institusjon. Dei bør ordne og katalogisere dei arkiva som skal bevarast i samsvar med arkivfaglege prinsipp (særleg omsynet til ytre og indre proveniens) og godtekne standardar, så snart som ressursane tillet det. Arkivarane bør ta imot arkiv i samsvar med arkivinstitusjonen sin aksjesjonspolitikkk og ressursar. Dei bør ikkje ta imot arkiv dersom det kan skade arkivdokumenta sin integritet eller tryggleik, men samarbeide med andre arkivarar for å sikre at arkiv kjem til den arkivinstitusjonen der det er mest naturleg at dei blir oppbevarte. Arkivarar bør samarbeide med sikte på å føre attende arkiv som er komne på avvegar til den oppbevaringsstaden der dei naturleg høyrer heime.

## **3. Arkivarar bør forsvare dokumentena sin autentisitet under ordning, bevaring og bruk**

Arkivarar bør sikre at verdien til eit arkiv (også elektroniske arkiv og arkiv i multimediaformat) ikkje blir forringa i kassasjons-, ordnings- og katalogiseringsprosessen. Eit eventuelt utval av arkivmateriale bør gjerast på grunnlag av gjennomtenkte metodar og kriterium. Dersom originale dokument blir vurdert erstatta av andre format, bør ein ta omsyn til originalane sin rettslege verdi, eigenverdi og informasjonsverdi. Dersom klausulerte dokument mellombels er tekne ut av eit arkiv, skal brukarar gjerast merksam på dette.

#### **4. Arkivarar bør sikre at arkivdokument også i framtida kan vere tilgjengelege og kan tydst**

Arkivarar bør velje ut dokument for bevaring eller kassasjon i fyrste rekkje for å bevare viktige kjelder til kunnskap om aktiviteten hos den personen eller institusjonen som skapte eller samla arkivet, men og med auge for at forskinga sine krav er skiftande. Arkivarar bør vere klar over at innsamling av arkivdokument av tvilsamt opphav - same kor interessante dei er - kan verke oppmuntrande på ulovleg omsetning av dokument. Dei bør samarbeide med andre arkivarar og styresmakter som søker å straffeforfølgje personar mistenkte for tjuveri av arkivmateriale.

#### **5. Arkivarar bør dokumentere sine disposisjonar i høve til arkivmateriale, og bør vere i stand til å forsvare sine disposisjonar på fagleg grunnlag**

Arkivarar bør hevde gode arkivrutinar gjennom heile livssyklusen til dokumenta, og i samarbeid med arkivskaparar vere spesielt merksame på nye informasjonsberarar og nye måtar å handsame informasjon på. Dei bør ikkje berre vere opptekne av eksisterande arkiv, men og forsikre seg om at dagens informasjons- og arkivsystem heilt fra starten har innebygde rutinar som sikrar at verdfulle dokument blir bevarte. Arkivarar som tingar om avlevering av eit arkiv med arkiveigaren eller arkivpersonalet hans, bør søkje å oppnå føremålstenlege avtaler ut frå følgjande omsyn: Fullmakt til å overføre, donere eller selje arkivet, økonomiske vilkår, planar for vidare arbeid med arkivet i depot, samt opphavsrett og vilkår for tilgjenge. Arkivarar bør kontinuerleg dokumentere aksjesjonar, konserveringstiltak og anna arbeid som vert gjort med arkiva.

#### **6. Arkivarar bør søkje å fremje størst mogleg tilgjenge til alt arkivmateriale og yte upartisk hjelp til alle brukarar**

Arkivarar bør utarbeide både generelle og spesielle framfinningsmidlar for alle arkiv som dei har i si varetekt. Dei bør tilby upartisk rådgeving til alle, og utnytte tilgjengelege ressursar for å gje eit balansert tilbod av tenester. Arkivarar bør svare høfleg og tenesteviljug på alle rimelege spørsmål, og oppmuntre til ein vidast mogleg bruk av arkiva innafor dei rammer som er gjevne av institusjonen sine retningsliner, bevaringsomsyn, lovverk og avleveringsavtaler. Dei bør gjere greie for kva avgrensingar som gjeld for tilgjenge, og desse avgrensingane bør handhevast rettferdig. Arkivarar bør rå frå reglar som i urimeleg grad avgrensar tilgjenge til og bruk av arkiv, men kan gjere framlegg om eller godta ei tidsgrensa klausulering når dette er naudsynt for å oppnå ei avlevering. Arkivarar bør rette seg etter dei avtaler som er gjort i samband med ei avlevering, men dei bør søke å reforhandle slike avtaler når tilhøva ligg til rette for det, for å få til lettare tilgjenge.

#### **7. Arkivarar bør respektere såvel retten til tilgjenge som personvernet, og arbeide innafor rammene av relevant lovgjeving**

Arkivarar bør sjå til at såvel personvernet som den nasjonale tryggleiken blir teke vare på utan at informasjon vert øydelagd. Særleg gjeld dette elektroniske arkiv, der oppdatering og sletting er vanleg praksis. Dei bør tryggje personvernet for både dei som har skapt arkiva, og for dei som er registrerte i arkiv, særleg dei som ikkje har hatt nokon innverknad på bruken eller handsaminga av materialet.

### **8. Arkivarar bør forvalte den tilliten som dei har fått til beste for samfunnet, og ikkje utnytte stillinga si til føremon for seg sjøve eller andre**

Arkivarar bør halde seg frå å delta i verksemd som kan skade deira profesjonelle integritet, objektivitet og upartiskhet. Dei bør ikkje ha økonomiske eller andre personlege føremoner til bate for arkivinstitusjonen deira, brukarane eller kollegane. Arkivarar bør ikkje samle på originaldokument eller ta del i nokon som helst handel med arkivdokument for eiga rekning. Dei bør unngå å delta i verksemd som kan gje publikum inntrykk av at dei fremjer egne interesser. Arkivarar kan nytte arkiva i institusjonen til forskning og publisering, så lenge som det skjer på like vilkår med andre brukarar. Dei bør ikkje bruke eller gje vidare opplysningar som dei har fått gjennom sitt arbeid med klausulerte arkiv. Dei bør ikkje la si private forskings- eller publiseringsverksemd kome i vegen for utøvinga av pliktene sine for arkivinstitusjonen. I bruken av arkiv bør dei ikkje nytte seg av kunnskapen sin om andre forskarar sine upubliserte resultat, utan fyrst å gjere merksam på dette. Dei kan melde og kommentere andre sitt arbeid innafor sitt fagområde, også arbeid med grunnlag i materiale frå eigen institusjon. Arkivarar bør ikkje la seg påverke av press frå nokon utanfor profesjonen med omsyn til korleis dei utøver yrket sitt eller oppfyller yrkespliktene sine.

### **9. Arkivarar bør søke å perfeksjonere seg i yrket ved systematisk og kontinuerleg å oppdatere dei arkivfaglege kunnskapane sine, og dele resultata av si forskning og erfaring**

Arkivarar bør streve etter å utvikle si eiga yrkesforståing og ekspertise, auke den totale profesjonelle kunnskapen, og sikre seg at personar under deira rettleiing blir sette i stand til å utføre sine oppgåver på ein forsvarleg måte.

### **10. Arkivarar bør arbeide for bevaring og bruk av vår felles arv av arkivmateriale gjennom samarbeid med medlemmer av sin eigen profesjon og andre**

Arkivarar bør søkje å fremje samarbeid og unngå konflikhtar med sine kollegaer, og løyse vanskar ved å oppmuntre til at arkivfaglege standarder og etiske normer vert etterlevde. Arkivarar bør samarbeide med medlemmer av nærskylde profesjonar på basis av felles respekt og forståing.

# Arkivfagleg definisjonar

## Definisjonar:

**ALFABETISK ORDNING:** Inndeling av arkivdokument etter namn eller emne og rekkjeordning av desse etter alfabetiseringsreglar.

### ARKIV:

1. Sjå Enkeltarkiv
2. Rom eller bygning der dokument vert oppbevart
3. Institusjon eller del av ein institusjon som har som ei av sine hovudoppgåver å oppbevare arkivdokument.

**ARKIVALIE:** Sjå Arkivdokument

**ARKIVBEGRENSNING:** Tiltak som skal hindre at materiale utan verte som grunnlag for seinare sakshandsaming eller dokumentasjon, vert registrert eller arkivlagt.

**ARKIVBESTAND:** Den samla mengda av arkivdokument i eit arkiv.

**ARKIVDANNING:** Framvekst av enkeltarkiv gjennom verksemda til arkivskapar.

**ARKIVDEPOT:** Lager for permanent lagring/oppbevaring av arkivsaker.

**ARKIVDOKUMENT:** Dokument som tilhøyrrer eit arkiv.

**ARKIVERING:** Arkivskapar si handsaming av arkivsaker.

**ARKIVFORTEGNELSE:** Liste over innhaldet i eit arkiv.

**ARKIVHENVISNING:** Sjå Arkivnummer

**ARKIVKODE:** Sjå Arkivnummer

**ARKIVLEGGING:** Plassering av dokumenta i ei sak i arkivet etter avslutta registrering og/eller sakshandsaming.

**ARKIVLISTE:** Oversikt over innhaldet i eit arkiv.

**ARKIVMATERIALE:** Sjå Arkivdokument

**ARKIVMYNDIGHEIT:** Offentleg institusjon med plikt til å ta i mot enkeltarkiv og samlingar til permanent lagring, og/ eller med fullmakt til å inspisere arkiv, og/ eller gi pålegg om bevaring og/ eller ordning av arkivsaker hos arkivskapar.

**ARKIVNUMMER:** Tal, teikn og bokstavar som viser til klasse, hovudgruppe, gruppe, undergruppe eller anna inndelingseining i arkivnøkkel.

**ARKIVNØKKELE:** Oversikt over inndeling og rekkefølge av arkivsaker som kan tenkjast å bli lagt til

eit enkeltarkiv.

**ARKIVPLAN:** Oversikt over produksjon og lagring av arkivmateriale frå ein arkivskapar og bestemmelse om kvar og korleis dette skal gjerast (prosedyrebeskrivelse).

**ARKIVSERIE:** Del av enkeltarkiv, inndelt og ordna etter innbyrdes felles prinsipp.

**ARKIVSKAPAR:** Institusjon, organisasjon, myndigheit eller annan administrativ eining, driftseining, person eller fellesskap av fleire personar som skaper eller har skapt eit enkelt-arkiv.

**ARKIVSTYKKE:** Fysisk eining i eit enkeltarkiv, t.d. protokoll, pakke, øskje, kassett, rull, magnetband o.a..

**ARKIVSYSTEM:**

1. Framgangsmåte ved inndeling og rekkjeordning av arkivsaker.
2. Metode for fysisk lagring av arkivsaker.

**ARKIVVERDIGHEIT:** Det at enkeltdokument har verdi som grunnlag for oppbevaring for sakshandsaming og dokumentasjon.

**ARKIVUVERDIGHEIT:** Rundskriv, innbydingar m m som ikkje har verdi som dokumentasjon i sakshandsaminga, som ein får til orientering.

**AVLASTNINGSARKIV:** Sjå Bortsetjingsarkiv

**AVLEVERING:** Flytting av arkivsaker og overføring av ansvaret for desse frå arkiv-skapande institusjon til arkivdepotinstitusjon (Jf Overføring).

**AVLEVERINGSLISTE:** Oversikt over arkivsaker som vert overført frå ein arkiv-skapande institusjon til depotinstitusjon.

**AVSKRIVNING:** Notering i journal kven ei journalført sak er ekspedert til, om den er arkivert og når dette skjedde.

**BESKYTTELSESGRAD:** Stikkord som vert påført eit dokument for å sikre handsaming etter særskilde fastsette reglar, gitt i Sikkerhetsinstruksjonen som tar føre seg sikkerheita for Norge og dei allierte, forholdet til framande makter ellers; og Beskyttelsesinstruksjonen som tar føre seg offentlege interesser, verksemder, institusjonar og einskildpersonar.

**BESKYTTELSESGRADERING:** Gradering etter Beskyttelsesinstruksjonen.

**BORTSETJINGSARKIV:**

1. Arkivdokument som ikkje lenger er i aktiv/stadig bruk.
2. Lokale til lagring/ oppbevaring av dokument under 1. (jf Fjernarkiv).

**DAGLEGARKIV:** Sjå Arkiv

**DELARKIV:** Enkeltarkiv frå ei administrativ eining, t.d. kontor eller avdeling, som er ein del av ei anna administrativ eining, t.d. ein institusjon eller ein organisasjon.

**DOKUMENT:** Skriv som er tilført informasjon eller ligg som opplysnings- eller bevis-verdi (jf

Arkivdokument).

**DOKUMENTASJON:** Funksjon som omfattar lagrings-, gjenfinnings- og distribusjons-metodar for informasjon frå dokument.

**ENKELTARKIV/EINSKILDARKIV:** Dokument laga av, eller kome inn til ein einskild arkivskapar og samla som eit resultat av denne verksemda.

**FJERNARKIV:**

1. Eldre eller mest uaktuell del av bortsettjingsarkiv (1) som vert lagra på ein annan stad enn dagleg/ aktuelt arkiv og resten av bortsettjingsarkivet.
2. Lokale til lagring av dokument under 1 (jf Bortsettjingsarkiv).

**FORFALLSREGISTER:** Oppteikning over alle saker som skal svarast på eller hand-samast innan fastsette fristar. Oppteikninga skal vere kronologisk ordna, dvs dag-månad-år, kan ha form av ei bok, eit kartotek eller vere lagra på eit elektronisk medium.

**GRADERING:** Skjerming av opplysningar mot innsyn etter Sikkerhetsinstruksen og Beskyttelsesinstruksen. Påføring av beskyttelsesgrad på eit dokument etter ei vurdering av behovet.

**GRUPPE:** Inndelingseining i ein arkivnøkkel. Omgrepet gruppe vert brukt som felles-nemning for klasse, hovudgruppe, gruppe og undergruppe. Hovudinndelingseining i ei hovudgruppe i ein arkivnøkkel byggjer på Arkivnøkkel for administrative fellessaker i statsforvaltninga.

**JOURNAL:** Kronologisk eller systematisk register med nummerering over innkomne og utgåande ekspedisjonar.

**KASSASJON:** Fastsette kva arkivmateriale som skal fjernast frå arkivet, og makulere dette. Fastsetjing av kva for arkivdokument som skal takast vekk og bortrydding, eventuelt makulering av desse.

**KASSASJONSFRIST:** Sjå Oppbevaringstid.

**KASSASJONSPLAN:** Oppteikning over avgjerder som er tatt om kva for arkivdokument som kan kasserast og tid for kassasjon.

**KLASSE:** Hovudinndelingseining i ein arkivnøkkel.

**KLASSIFISERING:** Inndeling av emner og namn i grupper og fastsetjing av rekkjefølgje av gruppene som grunnlag for den systematiske delen av ein arkivnøkkel.

**KOBLING:** Samanknytning av enkeltsaker ved notering på dokumenta og i ein journal.

**KOPIBOK:** Samling av kopiar av utgåande korrespondanse.

**KRONOLOGISK ORDNING:** Inndeling og rekkjeordning av arkivdokument etter dato.

**KRYSSREFERANSE:** Tovegs samband mellom saker i forskjellige arkivperioder som delvis kan dekke same emne og kryssreferanse mellom saker som kan sjåast i samanheng.

**MAKULERING:** Destruksjon av arkivdokument.

**MANUELL JOURNAL:** Journal førd for hand eller med skrivemaskin utan elektronisk lagring av

data.

**MIKROFORM:** Dokument i film som er forminska i ein slik grad at det ikkje kan lesast utan tekniske hjelpemiddel.

**NEDGRADERING:** Omgjering til lavare beskyttelsesgrad.

**NUMMERERINGSSYSTEM:** Metode til ordning av rekkefølge på einingar.

**OMGRADERING:** Endring av beskyttelsesgrad.

**OPPBEVARINGSTID:** Tid frå eit dokument blir laga eller arkivlagt og til det etter reglar skal kunne takast ut av arkivet.

**OVERFØRING:** Flytting av arkivsaker og overdraging av ansvaret for desse frå ein arkivskapande institusjon til ein annan, eller fra ein arkivdepotinstitusjon til ein annan

(jf Avlevering).

**PRESEDENSSAK:** Sak som er mønstersak for seinare handsaming av liknande saker.

**PRIVATARKIV:** Enkeltarkiv frå ikkje offentleg arkivskapar.

**PROVENIENSPRINSIPPET:** Grunnregel som seier oppbevaring av arkiv i den ordning det vart arkivet etter (opphavleg orden).

**REGISTER:** Oppteikning over einingar som t.d. emne og namn, førd etter eit prinsipp, og i regelen rekkjeordna systematisk.

**REGISTRERING:** Innføring av saker, emne og namn i register, t.d. journal eller i andre oppteikningar over einingar.

**RENSING:** Utsortering og fjerning av arkivuverdig materiale frå dokumenta i ei sak ved journalføring, sakshandsaming og seinast før arkivlegging.

**RESTANSELISTE:** Oversikt over saker som ikkje er ferdighandsama innan ein fastsett frist.

**RESTANSEKONTROLL:** Oppsikt med eller sjekk av oversikt over saker som ikkje er ferdighandsama.

**SAK:** Samling av enkeltdokument om same emne/ tema og som er/ har vore til handsaming som informasjon for eit organ, innkome eller starta/ initiert av organet.

**SAKARKIV:** Arkivdel der sakene/ dokumenta er ordna etter emne.

**SENTRALISERT ARKIV:** Enkeltarkiv samla under ein sentral og fagleg leiing.

**SIKKERHETSGRADERING:** Gradering etter Sikkerhetsinstruksen.

**SIKKERHETSKLARERING:** Avgjerd om ein person etter undersøking er skikka til å bli gitt tilgang til opplysningar gradert etter Sikkerhetsinstruksen og Beskyttelsesinstruksen.

**SPELIALARKIV:** Saksdokument som er ordna etter eit anna prinsipp enn arkivnøkkel, som t.d. objektrelatert system.

# Rutinar

Alle utarbeidde rutiner for Os kommune er tilgjengeleg via intranettet.

<http://intra/Lists/Interne%20rutiner/Alle%20rutiner.aspx>

I samband med innføring av nytt kvalitetssystem, EQS, vil rutiner etterkvart bli publisert der


# Om elektronisk arkivering i Os kommune



# Systemoversikt med koplinger

[Systemkart.pdf](#) 165,11 kB

# Godkjente dokumentformater



I Os kommune sitt sak-/arkivsystem skal alle elektroniske dokument lagres i godkjente dokumentformater. Godkjent dokumentformat har bl.a. betydning for senere avlevering og deponering til arkivverket. Dokumentsenteret forholder seg til forskrift [om utfyllende tekniske og arkivfaglige bestemmelser om behandling av offentlige arkiver kap. VIII § 8-17](#) som omhandler godkjente dokumentformater ved avlevering og deponering.

## **Følgende filformater som lagres i WebSak blir automatisk konvertert av ACOS dokumentbehandle til arkivformat pdf/a:**

Microsoft Word - .doc, docx

Microsoft Excel - .xls, .xlsx

Microsoft Power Point - .ppt, .pptx

Microsoft Internet Explorer - .htm, .html

E-post kan lagres i .htm eller .html. Disse konverteres automatisk til arkivformat pdf/a. Ren tekst, .txt, kan også lagres, men konverteres ikke til pdf/a. Ren tekst, ISO 8859-1:1998, Latin 1 er godkjent dokumentformat ved avlevering og deponering. Andre e-postformater, for eksempel .mht eller .msg eller .eml, er ikke godkjente arkivformater og må lagres i riktig format før lagring i WebSak

Dokumenter skannet ved Dokumentsenter lagres i pdf/a (PixEdit-skanneverktøy).

PDF-dokumenter Adobe Acrobat Reader/Adobe Acrobat/Adobe Acrobat Pro - .pdf, kan lagres. Konvertering til arkivformat pdf/a lar seg gjøre på et senere tidspunkt ved hjelp av dokumentbehandler.

Digitale bilder kan lagres i JPEG - .jpg. (Godkjent dokumentformat ved avlevering og deponering.) Merk at det er fotografier, bilder som lagres i dette formatet. Tekstdokumenter bør ikke lagres i dette formatet.

## **Godkjente arkivformater iht. forskrift for tekst og bilde eller grafikkobjekter er:**

PDF/A med de bestemmelser som gjelder

Ren tekst med de bestemmelser som gjelder

•

**Godkjente dokumentformater for digitale fotografier, kart, video-, og lydsekvenser er:**

- TIFF, JPEG med de bestemmelser som gjelder for fotografier og bilder
- TIFF med de bestemmelser som gjelder for kart
- MPEG-2 med de bestemmelser som gjelder for video
- MP3, PCM eller PCM-basert Wave med de bestemmelser som gjelder for lyd

# **Tildeling og ajourhald av brukarrettar i Websak**

Arkivleiar (systemansvarleg) har hovudansvar for tildeling og ajourhald av brukarrettar til registrerings- og arkiveringsfunksjonar.

Ajourhald av brukarrettar:

- Arkivleiaren har ansvar for at brukarrettane vert ajourhaldne kontinuerleg.

Leiaren har ansvar for at arkivleiaren vert informert/varsla om:

- tildeling av brukarrettar til nye personar i sak/arkivsystemet.
- personar som ikkje lenger skal ha brukarrettar i sak/arkivsystemet.
- endring av ein persons brukarrettar i sak/arkivsystemet.

Det kan skje:

- ved ny tilsetjing.
- ved endring i stilling som fører til endra rettar i sak/arkivsystemet.
- når tilsette sluttar.

Meldinga skal innehalda:

- Den tilsette sitt fulle namn og stillingstittel.
- Nøyaktig dato for endring av brukarrettar/oppretting av ny bruker/stopp av brukarrettar.
- Spesifisering av kva tilgangar og rettar den tilsette skal ha, eller evt. stopp av tilgangar.
- Spesifisering av den enkelte sine rollar, evt. klarering for tilganskodar.

Melding skal sendast pr e-post til postmottak: [postmottak@os-ho.kommune.no](mailto:postmottak@os-ho.kommune.no)

Ajourhald av brukarrettar i sak/arkivsystemet er grunnleggjande for tryggleiken i systemet, t.d for å sikra at sensitiv informasjon ikkje kjem på avvege. Tildeling av brukarrettar er derfor leiar sitt ansvar.

# **Kassasjon av papirdokument ved fullelektronisk arkiv**

## Kassasjon av papirdokument - Fullelektronisk arkiv

Med heimel i Riksarkivarens føreskrift, kapittel IX; Elektronisk arkivering av saksdokument §1-3 kassasjon av papirversjonar ved skanning, kan dokumenta kasserast i tråd med desse bestemmelsane. For å oppfylle krava er det utarbeida rutinar for kassasjon av ferdig skanna papirdokument/saksdokument.

Sak og arkivsystemet WebSak er konfigurert slik at alle saksdokument må konverterast til gjeldande arkivformat ved *journalstatus J.*: **PDF-A format.**

For at kassasjonrutinane skal kunne følgjast er det ein føresetnad at rutinar for skanning og journalføring vert følgde

Dokumentsenteret har ansvar for å sjekke at dokumenta er optimal etter scanning.

- Har dokumentet god nok lesevalitet?
- Er alle sider scanna?

Dersom originalen er for dårlig tek dokumentsenteret kontakt med avsendar for å få ny versjon tilsendt.

Er det noko som ikkje er godt nok må dokumentet skannast på nytt før journalposten vert journalført.

*Dei siste 6 månadane vert oppbevart i arkivskap på Dokumentsenteret etter dato. Deretter pakkast dei i arkivboksar og lagrast på rullearkivet etter dato.*

*Dokumenta blir bevart i eit år før kassering.*

Dokumenta vert makulert ved å nytta konteinar frå [Fretex \(makuleringsordning\)](#).

### **Unntak:**

Arkivdel JC og FB,

JC - *Når saka avsluttast vert mappa arkivert på siste inngående dokument, og satt i arkivboksar på rullearkivet, der vert dei bevart i ett år før kassering.*

FB - *Når dokumenta er scanna på Dokumentsenteret vert dei levert til ansvarleg saksbehandlar, der vert dei oppbevart i arkivkasser på kontoret.*

*Dokumenta blir bevart i eit år før kassering.*

# Nødprosedyre ved utilgjengelig system

**Dersom journal- og arkivsystemet er utilgjengelig for lengre tidsrom, skal Dokumentsenteret setje i verk følgjande nødprosedyre:**

## **Mellombels journal**

Dokumentsenteret fører ein mellombels papirjournal over inn- og utgåande dokument som inneheld opplysningar i høve til arkivlova §2-7.

*Skjema for mellombels journalføring finn ein på [arkivplan.no](http://arkivplan.no).*

## **Behandling av innkomne og interne dokument**

Dokumentsenteret registrerer innkomne dokument, både eksterne og interne, i mellombels papirjournal.

Deretter vert det teke kopi av originaldokumentet.

Originalen vert lagra på dokumentsenteret inntil nødprosedyra er avslutta, og dokumentet kan registrerast i WebSak. Kopiane vert påført påskrifta "Ikkje skanna og reg". Kopiane vert så fordelte til leiaren/sakshandsamar.

Når systemet igjen er tilgjengelig, vert originaldokumenta registrert i WebSak på grunnlag av mellombels journal. Dokumentet vert påført saks- og dokumentnummer frå WebSak og avdeling/kontor/saksbehandlar.

Dokumenta vert skanna og fordelte til leiar/sakshandsamar som kasserer kopiane.

Er det påført merknader, må dei leggjast inn i WebSak under merknader til journalposten.

## **Behandling av utgåande dokument**

Sakshandsamar produserer dokumenta i det ordinære tekstbehandlingssystemet eller anna høveleg system.

Arkivkopi av det utgåande dokumentet vert sendt til dokumentsenteret via e-post eller på papir.

Dokumentsenteret journalfører dei utgåande dokumenta i mellombels journal.

Når systemet igjen er tilgjengelig, registrerer dokumentsenteret utgåande dokument i WebSak på grunnlag av tilsendt e-post eller papirkopi og registreringane i mellombels papirjournal.

# Skjema for mellombels journalføring



## Mellombels journalføring

Journalført dato	Brevdato	Dok.type	Avsendar/Mottakar	Innhald
			<i>For-/etternavn:</i>  <i>Adresse:</i>  <i>Post nr:</i> <i>Stad:</i>	
Journalført dato	Brevdato	Dok.type	Avsendar/Mottakar	Innhald
			<i>For-/etternavn:</i>  <i>Adresse:</i>  <i>Post nr:</i> <i>Stad:</i>	
Journalført dato	Brevdato	Dok.type	Avsendar/Mottakar	Innhald
			<i>For-/etternavn:</i>  <i>Adresse:</i>  <i>Post nr:</i> <i>Stad:</i>	

Skjema ligg i arkivskap på skanningsrom.

# Rutiner - Eining

# Barnevern

[Prosess i barnevern.pdf](#) 90,74 kB

# Organisasjon, oppgaver og mål

# **Ansvarsfordeling og stillingsbeskrivelser**

# Ansvarsmynde og delegering Os Barnevern

Intern delegering og ansvarsbeskriving arbeidsoppgåver

Os Barnevernteneste

- Vi tar borna på alvor

Sakshandsamar/Barnevernkonsulent:

**Generelt:** Saksbehandling i tråd med lov om barneverntjenester og saksbehandlingsrunskrivet, journalforskrift og gjeldane dokumentasjonskrav for barnevern.

**Rapporterer til:** Teamleder

## **Beslutningsmyndigheit i forhold til følgande:**

Myndighet til å iversette følgande hjelpetiltak: Bvl § 4-4 2 ledd

- Råd og rettleiing til foreldre - henwise til familierettleiing
- Besøksheim inntil 3 døgn pr. mnd etter gjeldande KS satsar
- Støttekontakt med inntil 4 timer pr. veke
- Familieråd i alle faser av ein barnevernsak
- Kontrolltiltak som meldte/uanmeldte tilsyn i hastesaker
- Urinprøver/rustesting i samarbeid med fastlege
- Innvilge advokatbistand med inntil 3 timer pr. sak for å opprette samarbeid eller kontakt med familien
- Ansvarsgruppe/samarbeidsmøter
- SFO, barnehage, andre skulefritidsordningar
- Fritidsaktiviteter

Myndighet til å innvilge reisepenger og opphold, billigste reisemåte og opphold, ved samvær for biologiske foreldre innanfor ramma på plasseringsvedtaket Bvl § 4-19

**Vedtak besluttet av saksbehandler skrives ut og legges til teamleder/leder for signatur og godkjenning.**

## **Ansvar for følgande:**

At fagsystemet Familia er ajourført og at saka er godt nok opplyst og dokumentert.

Gjennomføre samtaler med barna i saka, gjeld alle fasar av kontakt med familien og dokumentere dette

Ansvar for at fristar vert heldt og at saka har framdrift.

Ansvar for å vurdere familieråd/nettverksmøter i alle saker og dokumentere desse vurderingane

Koordinatorar for IP dersom dette blir pålagt av leder

Holde seg oppdatert på interne rutiner

Ansvar for å vurdere hvilken type oppfølging biologiske foreldre skal få etter omsorgsovertaking.  
Bvl § 4-16

Ansvar for å melde til teamleder og drøfte om ei sak skal avsluttast.

Ansvar for å søke råd og rettleiing hos teamleder og leiar ved behov

Ansvar for å kalle inn til beslutningsmøte der ein har saker som fell inn under dette og dokumentere beslutningene familia.

Følgje opp og delta på obligatoriske møter i eininga

Utarbeide arbeidsavtaler/oppdragsavtaler til private aktørar i enkelsaker i samarbeid med merkantil

Gjennomføre samtaler med foreldre, samtaler med barn, heimebesøk og observasjoner i tråd med eininga sine rutiner.

Teamleiar:

#### **Generelt:**

- **Faglig ansvarleg for hhv undersøkelsesteam og tiltaksteam (tiltak i og utanfor familien).**
- **Teamleder undersøkelser er fast stedfortreder for leder**
- **Teamleder tiltak er stedfortreder ved behov**
- **Ansvar for veiledning, oppfølging og dagleg drift av teamet.**
- **Ansvar for at teamet nyttar anerkjent og forskningsbasert fagleg metodikk i arbeidsprosessane i teamet.**
- **Medansvar for mål og handlingsplanar i eininga**
- **Ansvar for å melde til leiar dersom personal er i behov for ekstra oppfølging knytt til sitt faglege arbeid eller HMS.**
- **Ansvar for gjennomgang av nøkkeltal med saksbehandlar x 3 pr. år.**

#### **Rapporterer til: Barnevernleiar:**

##### **Ansvar for:**

Fagleg ansvar i eige team

Godkjenning av vedtak om hjelpetiltak

Rettleiing til saksbehandlar

Ansvar for at det er framdrift i saker og hjelpe saksbehandlar i å prioritere mellom sakene

Overordna ansvar for at fristar vert overheldt i undersøkingar

Overordna ansvar for at det vert gjennomført evaluering i tiltakssaker

Overordna ansvar for at det vert gjennomført forsvarleg oppfølging av omsorgsbarn

Delta på møter i konfliktsaker eller med foreldre og advokat ved behov

Opplæring av nye medarbeidarar i teamet

Gje saksbehandlarar fritak frå obligatoriske møter

Ansvar for å sikre at skriftlig arbeid er godt nok gjennom rettleiing, rutinar for utgåande post og stikkprøvar.

Leiar Barneverntenesta:

### **Generelt:**

Fagleg, - økonomisk, - og administrativ ansvarleg for barneverntenest i Os kommune

### **Rapporterer til: Kommunalsjef for Oppvekst og Kultur**

#### **Ansvar for:**

Beslutninger og vedtaksansvar om plasseringar utanfor heimen, jfr. Bvl § 4-6, 1 og 2 ledd, 4-24, 4-25, 4-12.

Medarbeidersamtaler

Godkjenning og signering av saksframlegg 4-12, til Fylkesnemda

Anmodning om politibistand

Anmodning om medisinsk undersøkelse

Beslutning om uanmeldte heimebesøk

Beslutning om sakkyndig bistand

Beslutning av innsyn

Deltakelse i enkeltsaker ved behov

Møter på systemnivå, evt delegasjon knytt til dette

Debriefing i etterkant av hastesaker, se rutine

Samarbeid med ekstern rettleiar og evaluering av tilbodet.

Ansvar for å delegere koordinatorrolla for IP til saksbehandlar

Signering henvisningar BUP og PUT

## Beslutte bruk av private aktører i barnevernsaker og kontraktsinngåelser

### Beslutningsmøter:

Beslutningsmøter er møter for å avklare komplekse og vanskelege beslutninger knytt til barn og familiar som har kontakt med Os barnevernteneste.

Deltakarane i beslutningsmøte er lederteam og aktuelle saksbehandlarer og andre i tenesta, som har kontakt med familien.

Målsetningen med beslutningsmøte er å gjere ei brei fagleg vurdering av «barnets beste» basert på fagleg skjønn, faktabaserte opplysningar om saka og forsknings- og evidensbaserte fagleg metodikk.

Beslutningsmøta er fastsatt i Os barnevernteneste sin møteplan.

Alle som arbeider i Os barnevernteneste har ansvar for å melde inn saker til beslutningsmøte.

Slike saker er:

- Utviding av undersøkingar til 6 mnd
- Vurdering av moglege fristbrudd i undersøkingar
- Beslutning om inngriåen etter bvl § 4-12. 4-6, 2 ledd, 4-25, 4-8, 4-17, 4-21, 4-19
- Beslutning om frivillige plasseringar i nettverkeller anna etter bvl § 4-4, 6ledd
- Beslutning intervensjon hastesaker
- Innhenting av opplysningar i undersøkelsefasen utan samtykke frå foreldre
- Vurdering og behov for sakkyndig bistand i saken
- Tiltakssaker som endrer karakter til meir alvorleg bekymring for barnet

Ansvarsmynde og delegering Os Barnevern

# Kvalitetsikring - utgåande post

Tittel	<b>Kvalitetssikring av utgåande post</b>
Område rutina gjeld for	Barneverntenesta
Ansvarleg eining/avd.	Oppvekst og kultur, barneverntenesta
Ansvarleg for vedlikehald (person)	Barnevernleiar
Vedteken av og dato for vedtak	Barnevernleiar
Gyldig til (dato)	
Revidert dato	01.01.2017
Lovheimel	
Føremål med rutina	Formålet med rutina er å kvalitetssikre utgåande post.
Informasjon om tenesta	Rutina beskriv kva som ligg til leiar sitt ansvar i høve signering, kva teamleiar skal underskrive og kva sakshandsamar kan underskrive.

Korleis går eg fram  
(m/ansvarleg)

Ved brev som har to signaturar er det ikkje teknisk mulig å legge til andre enn leder som signatur nummer to. Denne må manuelt endras til teamleder ved alle utsendingar, eller slettes dersom det er brev en kan sende utan to signaturar.

**Følgjande brev kan signerast av sakshandsamar aleine:**

- Innkalling til samtale, inkludert førstegangssamtale, dersom ein har vore tilsett i meir enn tre mnd.
- Innkalling til ansvarsgrupper
- Innkalling til samarbeidsmøter
- Referat frå ansvarsgrupper
- Referat frå oppfølgingsbesøk i fosterheim
- Brev til NAV og andre samarbeidspartnere i forbindelse med plassering av barn i fosterheim jfr. 4-12 og 4-4 6 ledd
- Avtale om plassering i fosterheim 4-4. 6 ledd
- Innhenting av opplysningar dersom ein har vært tilsett i meir enn 3 mnd.
- Purring på innhenting av opplysningar
- Følgjebrev til kvellorapport
- Tilbakemelding til meldar etter avslutta undersøking.

**Følgjande brev skal alltid signerast av teamleiar og sakshandsamar**

- Vedtak
- Brev og svarbrev til advokatar
- Brev knytt til innsyn i pågåande sak
- Brev om utvida undersøking
- Brev knytt til avslutningar av hjelpetiltakssakar
- Refusjonskrav til Bufetat
- Mandat til sakkyndige utgreiing
- Innhenting av opplysningar første 3 mnd ein er tilsett

Dersom teamleiar ikkje er tilstades, kan eisse leggst i leiar si posthulle. Brev vil bli signert og returnert til sakshandsamar.

**Barnevernsleder skal signere på følgjande brev:**

- Akuttvedtak
- Hendvisingar til BUP
- Anmeldelser i forhold til klientar eller dersom personalet har vært utsatt for truslar/vold
- Anmodning om bistand frå politi
- Saksframlegg Fylkesnemda
- Bekymringsmelding til anna kommune
- Avtale med andre kommunar om godkjenning av fosterheim
- Arbeidsavtaler og oppdragsavtaler
- Innsyn i avslutta sakar
- Sosialrapport adopsjon

Evt. andre opplysningar

Dersom signatur haster - bruk rød plastmappe og det vil bli signert innan påfølgjande arbeidsdag.

Sakshandsamingstid

Link

Relaterte rutiner

Visning

Oppretta

Oppretta av

Endra

01.01.2017

Redigert av

STMO

ID1

Metadata/stikkord

# Oppfølging av bekymringsmeldinger og undersøkelser under ferieavvikling

## Mottak og vurdering av meldinger:

1. Leder eller den som er delegert myndighet sjekker posthylle for meldinger hver dag.
2. Leder eller den med delegert myndighet vurderer meldingen og skriver vurderingen inn i fagsystemet i tråd med vedlagte retningslinjer og lovverk.
3. Leder gir meldingen og vurderingen videre til saksbehandler på morgenmøte neste dag for oppstart av undersøkelse.

## Innkalling til førstegangssamtale og gjennomføring av denne:

1. Saksbehandler som er delegert meldingen ringer eller sender inn innkalling til samtale pr. brev
2. Saksbehandler gjennomfører samtalen, ber leder eller kollega om å bisitte ved behov.
3. Saksbehandler informerer om mulig ny saksbehandler etter at ferietiden er over.
4. Saksbehandler innhenter samtykke til innhenting av opplysninger i første samtale.

## Videre oppfølging av undersøkelsen:

1. Alle journalnotat skal umiddelbart skrives og ferdigstilles. Her skal det inngå vurdering av barnets situasjon i sommer og alvorlighetsgraden av bekymring.
2. Saksbehandler sender ut brev med innhenting av opplysninger etter første samtale.
3. Saksbehandler vurderer sammen med leder eller den med delegert myndighet, behov for videre oppfølging av familien gjennom sommeren.

# Faglege prosedyrer og avvikshandtering

Linkane er kun tilgjengeleg når ein er på Os kommune sitt nett

I:\\_Felles\_16\Internkontrollprosjekt 2016\Tenestepesifikk\Oppvekst og kultur\Barnevern\Internkontroll i Barneverntjenesten\G - Faglige prosedyrer og avviksbehandling\Faglige prosedyrer\Godkjente rutiner

I:\\_Felles\_16\Internkontrollprosjekt 2016\Tenestepesifikk\Oppvekst og kultur\Barnevern\Internkontroll i Barneverntjenesten\G - Faglige prosedyrer og avviksbehandling\Faglige prosedyrer\Hjelpetiltak

I:\\_Felles\_16\Internkontrollprosjekt 2016\Tenestepesifikk\Oppvekst og kultur\Barnevern\Internkontroll i Barneverntjenesten\G - Faglige prosedyrer og avviksbehandling\Faglige prosedyrer\Undersøkelse

# PPT

Ein må være på kommunen sitt nett for å få tilgang til [rutinene](#)

# BOF

[Rutiner](#), tilgjengeleg via intranett

# Rutine ved postmottak

[Rutine ved postmottak \(687822\).pdf](#) 135,68 kB

# Rutine ved pasientmottak

[Rutine ved pasientmottak \(687823\).pdf](#) 183,36 kB

# Rutine for melding mellomg BOF og HF

[Rutine for meldinger mellom Bof og HF \(687821\).pdf](#) 297,90 kB

# NAV og NAV Sosial

NAV; [Rutiner](#) er tilgjengeleg via intranett

NAV Sosial; [Rutiner](#) er tilgjengeleg via intranett

# Delegasjon Nav sosiale tenester

## Delegasjon Nav sosiale tenester:

### Sakshandsaminga:

Sakshandsaming skal skje i tråd med lov om sosiale tenester, rundskriv 35 samt tilhøyrande forskrifter.

Sakshandsaming skal til ei kvar tid skje i samråd med gjeldande krav til forvaltningspraksis.

### Følgjande mynde er gitt sakshandsamar:

Fatte vedtak etter lov om sosiale tenester innafor gjeldande delegasjonsreglement.

Sakshandsamar rapporterer til avdelingsleiar.

Vedtaka fatta av sakshandsamar skal skrivast ut og leggjast til avdelingsleiar for signatur og godkjenning etter delegasjonsreglement.

### Sakshandsamar har ansvar for følgjande:

At fagsystemet Socio er ajourført og at saka er godt nok opplyst og dokumentert.

Gjennomføre samtaler med tenestemottakar og dokumentere dette.

Ansvar for at fristar vert heldt og at saka har framdrift.

Ansvar for å vurdere alle tildelte saker og dokumentere desse vurderingane

Koordinatorar for individuell plan.

Halde seg oppdatert på interne rutiner, samt melde frå om avvik.

Ansvar for å melde til avdelingsleiar og drøfte om ei sak skal avsluttast eller om det er behov for tildelingar ut over delegert fullmakt.

Ansvar for å søke råd og rettleiing hos avdelingsleiar ved behov.

Følgje opp og delta på obligatoriske møter i eininga.

Gjennomføre samtaler med tenestemottakarar, samarbeidspartar og heimebesøk i tråd med eininga sine rutiner.

### Avdelingsleiar:

Faglig ansvarleg for tenester i Nav sosiale tenester.

Nestleiar i Nav kommune.

Ansvar for å utpeika koordinator Individuell plan.

Ansvar for rettleiing, oppfølging og dagleg drift av avdelinga.

Medansvar for mål og handlingsplanar i eininga

Ansvar for å melde til leiar dersom personal er i behov for ekstra oppfølging knytt til sitt faglege arbeid eller HMS.

Ansvar for gjennomgang av nøkkeltal med personalgruppa månadleg

Rapporterer til einingsleiar.

Delta på møter i konfliktsaker.

Opplæring av nye medarbeidarar i avdelinga.

Ansvar for å sikre at skriftlig arbeid er godt nok gjennom rettleiing, rutinar for utgåande post og stikkprøvar.

### **Einingsleiar:**

Fagleg, økonomisk, og administrativ ansvarleg for Nav Os kommune.

# Ansvar arkiv Nav sosiale tenester

## Oppgåvefordeling mellom postansvarleg, sakshandsamar og leiar

### **Postansvarleg har ansvar for å;**

Opna, stemple, journalføre og skanne all arkivverdig inngående post.

Opprette nye arkivsaker i samband med journalføring.

Kvalitetsikre arkiv og journaldatabasen gjennom kontroll av alle registreringer.

Arkivverdig post som skal til WebSak vert oversendt Dokumentsenter for oppfølging.

### **Sakshandsamar har ansvar for å;**

Levere personleg adressert post, anten det er papirdokument eller epostar til postansvarleg for journalføring.

Importere motteken epost i Socio, dersom den har dokumentasjonsverdi og er gjenstand for sakshandsaming.

Ha oversikt over kva saker som er til handsaming ved hjelp av saksbehandlingssystem/fagsystem.

Vurdere om dokumenta skal unntakast offentlegheit.

All dokumentproduksjon skal skje i et fagsystem.

Avskrive inngående og interne dokument som er handsama.

Avslutte arkivsaker etter kvart som dei er ferdighandsama.

Journalføre eigenproduserte dokument.

### **Leiar har ansvar for å;**

Sjå til at restanselister vert følgd opp.

Sikra at krava til dokumentasjon vert ivareteken.

Utlån frå arkiv.

.

# Fagsystem Nav sosiale tenester og bruken av desse:

Socio:

Er Nav sosiale tenester sitt fagsystem.

WebSak:

Er kommunen sitt sak og arkivsystem. Nav registerer her søknader om kommunal bustad, vedtak om avslag og tildeling, samt relevant oppfølging av leigetakarar i kommunal bustad. I tillegg vert saksdokument knytta til handsaming av Husbanken sine låne og tilskotsordningar arkivert her.

FDV:

Dette er eit samhandlingssystem for driftsmeldingar for kommunale husvære. Alle husleigekontrakter for kommunale husvære vert og arkivert her.

Gosys:

Statleg sak og arkivsystem. Nav sosiale tenester har delvis tilgong etter avtale, postregistrering, oppfølging kvalifiseringsprogram og meldingar om refusjonkrav. I tillegg fungerer systemet som ei meldingsplattform mellom tenestemottakarar og tilsette.

Arena:

Statleg fagsystem. Nav sosiale tenester brukar dette til oppfølging i kvalifiseringsprogram. I tillegg innsøking til statlege tiltak og arbeidsretta oppfølging.

Husbanken:

Handsaming av søknader startlån, tilskot og bustøtte.

# Busetjing av flyktningar/krav om integreringstilskot

- Vedtak frå IMDI om **busetjing av flyktningar** - Registrer ny sak med namn på familie/person på linje 2
  
- Flyktningar som bli busett:
  - Siri Lise Mundal (NAV) skriv "krav" til IMDI frå Fagsystemet
  - Dok.senteret får kopi som skal førast i Websak (utg. reg. med kopimottakarar)
  - Namn på flyktning(ar) ligg som vedlegg til kravet - - DS fører namn på linje 2 på journalposten
  - ÅR 1 - blir då registrert pr. familie (liste som ligg bak «kravet»)
  - Gjeld krav + utbetaling (til/frå IMDI)
  
- ÅR 2 - 5, kun **ei** «fellesmappe» pr. år
  - Dette gjeld utbetaling av integreringstilskot (4 ganger pr. år)

# Rutine skanning fagsystem

All post som skal i Websak skal skannast ved dokumententeret.

All post som skal i FDV, Visma flyktning, Socio og Profil vert skanna frå NAV kommunal pc.

Postansvarleg skannar all post til fagsystem.

Ved fravær er det avdelingsleiar som utpeikar andre som skal skanne post til fagsystem.

Alle papir skal skannast. Ver difor kritisk med kva dokumentasjon du etterspør ved søknad.

All dokument som er til Socio vert lagt på y: innkommande på PC-en som er tilknyttet skanner. Alt som er skannet i Socio vil komme automatisk opp i «Håndtering av skannede dokumenter» og kan derfra kobles opp mot ny/eksisterende sak, eller journal.

Postansvarleg overfører til rett bruker i fagsystem.

Papir skal oppbevarast inntil postansvarleg har kvalitetssikra at den er tilgjengeleg i fagsystem.

Referat, epikriser, rapportar som ikkje er grunnlag for søknad/vedtak skal makulerast rett etter at det er ført inn i fagsystem

# Bustadsosialt arbeid

**Elektroniske søknader om startlån og tilskot** der søkjar brukar BankID for å logga seg inn kjem inn i ACOS WebSak med FIKS/SvarInn løysinga. All elektronisk korrespondanse med søkjar, samt vedtaksbrev blir registrert i Websak.

**Søknadar om startlån og tilskot på papir** send vi med internpost til dokumentsenteret, der dei deretter registrerer søknadane i Websak. Vedtaksbrev eller anna skriftleg brev mellom søkjar og kommune blir gjort ved å skrive brev i websak, og registrere mottatt brev/e-post i ACOS WebSak.

**Søknad om kommunal bustad** kjem på papir og vert registrert i ACOS WebSak av dokumentsenteret. Vedtaksbrev eller anna skriftleg brev mellom søkjar og kommune blir gjort ved å skrive brev i websak, og registrere mottatt brev/e-post i ACOS WebSak.

I høve der kommunen vil avslutta leigeforholdet blir det fatta eit brev i ACOS WebSak som blir sendt til leigetakar.

I tilfelle der kommunen vil senda brev med informasjon/varsel eller andre ting til leigetakarane blir det fatta brev i ACOS WebSak.

Ved kontakt med brukarar som er registrert i Socio skriv vi journalnotat i Socio.

# Kvalitetsikring - utgåande post

## Kvalitetsikring - utgåande post

Formålet med rutina er å kvalitetssikre utgåande post.

Rutina beskriv kva som ligg til leiar sitt ansvar og kva sakshandsamar kan underskrive.

### **Følgjande brev kan underteiknast av sakshandsamar aleine:**

Innkalling til samtale.

Innkalling til ansvarsgrupper og samarbeidsmøter.

Referat frå møter.

Innhenting av opplysningar til søknad om sosialhjelp.

Innhenting av opplysningar til saker om tilbakehald av gravide rusmiddelmissbrukarar og/eller rusmiddelmissbrukarar.

Purring på innhenting av opplysningar

Refusjonskrav skal følgja eigen rutine i GOSYS.

### **Følgjande brev skal alltid signerast av avdelingsleiar og sakshandsamar:**

Vedtak uten delegert fullmakt, også avslag og stoppvedtak.

Klagesaker

Brev og svarbrev til advokatar

Brev knytt til innsyn i pågåande sak

Melding barnevern

Sosialrapport

### **Avdelingsleiar skal signere på følgjande brev:**

Akuttvedtak

Melding politi

Anmodning om bistand frå politi

Saksframlegg Fylkesnemda

Brev Fylkesmannen

Arbeidsavtaler og oppdragsavtaler

Innsyn i avslutta saker

# Rutinar for arkivering i Visma Flyktning

Gjennom modulen Visma Samhandling Arkiv (VSA) vert alle postar arkivert i kommunens digitale arkiv i det ein post blir merka som ferdigstilt. Dette kan sjekkast ved å opne journalposten og kontrollere at den står merka som arkivert og kor tid dette har skjedd. Det er forskjellar på korleis ulike postar blir ferdigstilte, og forskjellane er som følgjer:

- Brevjournalar og personjournalar vert ferdigstilte ved at ein aktivt hakar av for at dei er ferdigstilt, og lagrar posten.
- Vedtak vert ferdigstilte automatisk når dei vert godkjente. Flyktingtenesta har ikkje elektronisk signatur. Når eit vedtak er godkjent og signert i papirform vert det skanna inn att i Visma. Sjå under for skanning.
- Individuelle planar vert ferdigstilte når planen blir låst dersom ein nyttar fagsystemets eige verktøy for å lage individuell plan. Dersom ein, jf. retningslinjer frå Fylkesmannen, nyttar andre utformingar av individuell plan (t.d. handskrivne eller teikningar i tilfelle der brukar er analfabet) er ein nøydd for å skanne planen. I så høve sjå under.
- I tilfelle der papirdokument eller anna som berre føreligg på papir skal arkiverast må dokumentet først skannast på designert skannar. Det vert henta inn i Visma automatisk, men må tildelast rett person av sakshandsamar. Deretter må ein opne journalposten og merke den som ferdigstilt, samt velje om posten skal unntakas offentlegheit.

Superbrukar for fagsystem i avdelinga sjekkar jamleg at ikkje postar som skal vere ferdigstilte står opne i for lang tid for å sikre at postar vert arkivert.

Tilsette ved avdeling for arkiv i Os Kommune kontrollerer jamleg at dette blir følgt opp og gjer tilbakemelding til superbrukar ved avvik.

Postar som er oppretta i fagsystemet er per definisjon arkivverdige, då dette er sakshandsaminga. Dokument som vert skanna inn i fagsystemet skal vurderast av tilsette som arkivverdige før det skannast.

# Ansvarsforhold og rutinar vedrørende tilgang til system, NAV Sosial

## **a) ansvar for tildeling og ajourhold av brukarrettigheter,**

Avdelingsleiar har ansvaret for å godkjenne kven som skal ha rettigheitar i Husbanken og Websak. Kor mykje kvar enkelt brukar har tilgang til i Websak vart bestemt i samarbeid med Dokumentsenteret, då det er dei som innvilger brukarrettigheitene. I Husbanken har saksbehandlarane rettigheiter og leiar har vedtaksrettigheiter når det gjeld startlån. Fleire personar på kontoret har tilgong til bustøtte systemet. Det er avdelingsleiar som avgjer kven som skal ha tilgong.

## **b) Spesifikke rettigheter for behandling av arkivdokument tildelast brukarar av systemet med tilhøyrande roller.**

Husbanken - startlån:

Saksbehandlar for startlån og tilskot har rettigheitar til å behandle sakane. Avdelingsleiar/fungerande avdelingsleiar til har rettigheitar til å godkjenne eit vedtak som er innstilt frå saksbehandlarane. Det er to saksbehandlarar for startlån og tilskot og to personar som kan godkjenne vedtaka.

Husbanken - bustøtte:

Det er fleire med rettigheter i bustøtte systemet som kan bruke systemet, men det skal være tre personar på kontoret som har ansvaret for å arbeide med bustøtte. For å få tilgong til bustøtte systemet må ein gjennomgå eit e-læringskurs via veiviseren.no. Først då kan ein arbeide med bustøtte.

Websak:

P.t har Jeanette Olseth Strandenes , Monica Engelsen, Kamilla Lyssand, Line Naterstad Solheim, Lars Trane og Elin Klyve har rettigheitar i Websak på NAV Os. Rettigheitene i systemet er stillingsavhengig.

## **c) Desse dokumenta skal autentiseres og signeres**

Alle vedtak som blir sendt frå websak og Husbanken sitt saksbehandlingssystem skal ha to underskrifter. Dialog, informasjonsbrev o.l. treng berre ein signatur.

I bustøtte systemet held det at ein gjer saksbehandlinga i kommunen, då det er Husbanken som gjer utrekningane.

## **d) ansvar og rutiner for kvalitetssikring av registreringen og arkiveringen,**

Det er den enkelte person sitt ansvar å sende dokumenta i sakane ein mottar og behandlar til dokumentsenteret for registrering. Dersom ein scanner/lagrar dokumenta sjølv direkte i websak vart det kvalitetssikra det er bra nok kvalitet av Dokumentsenteret. Dokumentsenteret sjekker også at ein har registrert riktig dersom ting skal holdas utanfor offentlegheita eller ikkje.

***e) ansvarsforhold og prosedyrer for registrering, journalføring og arkivering av dokumenter som sendes og mottas,***

Dokumenta frå husbanken sitt e-søk system vart automatisk sendt til websak der dokumentsenteret registrer dokumenta på riktig sak. All dialog som har vært gjort i Husbanken sitt e-søk system sendar saksbehandlaren til dokumentsenteret/ evt registrerar det sjølv når ei sak er avslutta. Dette for å minska arbeidsmengda for saksbehandlar og dokumentsenteret ved å måtte registrere/avskrive kvar enkelt dialog boks.

Dokumentasjon og søknader ein får inn på papir vart sendt bort til Dokumentsenteret for registrering.

Bustøtte sakane vart arkivert og behandla i Husbanken sitt bustøtte system. Opplysningar om sakane i bustøttesystemet vil være tilgjengeleg i minimum 3 år. Etter dette tidspunktet vil ein fremdeles få ein oversikt over vedtaka direkte frå Husbanken, men ikkje grunnlagsdataene.

# Rutine - skanning av innkommande papirpost

## **Postansvarlege:**

Ansvar for å skanne inn søknader med alle vedlegg i Socio.

Ta ut rekningar og legg til sakshandsamar.

Føre dokument på sakshandsamar.

Sjekke at sak er oppretta i saksfane Socio.

Sjekke at dokument er fullstendig og lesbart i postjournal Socio.

Arkivere papirpost i eigna kasse - sikra makulering 1x veke.

Senda i internpost til Dokumentsenter all post som skal i andre fagsystem.

Levera internpost rådhus dagleg.

## **Ansvarleg for pengesending:**

Hente rekningar i posthülle før pengesending og sende post i Postsenter Socio kl 1430 dagleg.

## **Sosialkurator:**

Hente søknader i Socio «Tavla mi».

Hente rekningar i posthülle.

Legge rekningar som skal ha oppfølging i posthülle.

Avkvitte vilkår og sjekke rett kontonummer.

# Arkiv og sakshandsamingsrutine for Nav sosiale tenester

All post til sosiale tenester vert journalført i fagsystemet "Socio". Administrative saker vert handtert i kommunens sak og arkivsystem Acos WebSak. Bustadsosialt arbeid vert handtert i Husbanken sitt ekstranett, samt Acos WebSak.

## Arkivlokale

Både avdeling Sosiale tenester og avdeling Flyktningtenesta har i dag fullelektronisk arkiv.

Det fins framleis papirarkiv på Nav kontoret. Det er i hovudsak papirarkiv i tidsrommet 2007 - 2015. Dette vert oppbevart i låsbare skap og skuffeseksjonar i Nav kontoret.

Deler av papirarkiv er mellombels nedpakka og flytta grunna vannskade i lokalet.

Avvikling av papirarkiv, samt rutiner for felles arkiv og fagsystem inngår som delprosjekt i nye Nav Bjørnefjorden.

## Klientmapper og arkivering

Nav sosiale tenester sitt fagsystem er Socio.

Elektronisk arkiv i Socio vart teke i bruk 2015, det fins difor ikkje papirarkiv etter 2015.

Socio har ikkje ein arkivstruktur, men er eit fagsystem med Noark godkjent arkivkjerne, altså elektronisk arkiv. Dette er såleis eit av kommunen sin arkivdelar, i eige fagsystem.

I Socio fins opplysningar om klient fordelt på klientkort, sakskartotek, journalkartotek, modul økonomisk rådgjeving og utbetalingar. I tillegg alle inn og utgåande dokument.

Alt som skannast inn i Socio skal reknast som arkivverdig. Når eit dokument er arkivert i Socio vert posten merka med arkivert, og får arkivstatus.

Ordningsprinsippet er fødsel og personnummer.

Det er pr i dag ikkje foretatt avlevering frå Socio. Ved avlevering frå Socio, vert det gjort eit xml uttrekk for avlevering av varig bevaring til arkivdeponi.

## Rutine kassaksjon arkiv Nav Os.

Retningslinjer for arkivavgrensing og kassaksjon i kommunale arkiv:

<http://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2007-12-19-2286>

Rettleiing i bevaring og kassaksjon:

[https://www.arkivverket.no/sok/\\_attachment/inline/090f5a39-d4d1-4b3c-a14c-4a9f617ff364:42d89081f777f2a4433e1525785b3bd6178fb912/Veiledning%20BK-bestemmelser%20for%20kommunale%20arkiv%20skapt%20etter%201950%20\(2015\).pdf](https://www.arkivverket.no/sok/_attachment/inline/090f5a39-d4d1-4b3c-a14c-4a9f617ff364:42d89081f777f2a4433e1525785b3bd6178fb912/Veiledning%20BK-bestemmelser%20for%20kommunale%20arkiv%20skapt%20etter%201950%20(2015).pdf)

## **Socio**

For at kassaksjon av papir skal kunne gjennomførast er det ein føresetnad at rutiner for skanning og journalføring er fulgt. Papir vert i praksis oppbevart inntil tre månader etter saka er ferdigstilt.

Trinn 2 i Socio si elektroniske arkivløsning , inneber at det etter et viss periode er høve til å gjøre ett XML-uttrekk fra Socio for avlevering til deponi. Det er starta opp ein prosess saman med leverandør av fagsystem for å sette opp system i samsvar med gjeldande regelverk. Dette arbeidet vil også inngå i delprosjekt arkiv og fagsystem Nav Bjørnafjorden.

## **Opning, sortering og journalføring**

Tilsette på NAV bringer og hentar post til/frå Dokumentsenteret kvar dag.

Klientretta post vert journalført i Socio.

Dokumentsenteret journalfører all annan post, herunder post knytta til bustadsosiale oppgåver i WebSak.

## **Stempling og journalføring**

Postansvarleg sikrar at følgjande oppgåver vert gjennomført:

Klientposten vert stempla med journalstempel som inneheld opplysningar om dato og avdeling.

Postansvarleg journalfører dokumenta i fagsystemet Socio.

Hastesaker som søknad om krisehjelp kan opprettast av sakshandsamar. Postansvarleg skannar inn søknad etterpå.

Dokumenta vert skanna inn i fagsystemet, og original vert arkivlagt i ein periode på inntil 2 månader.

## **Fordeling, oppfølging og restansekontroll**

Postansvarleg fordeler klientar til sakshandsamar.

Avdelingsleiar har restansekontroll ansvar.

Sakshandsamar avsluttar arkivsaker etter kvart.

Avdelingsleiar tar stikkprøver månadleg.

## **Journalføring og ekspedering av eigenproduserte saksdokument**

Alle utgåande brev og andre saksdokument som er produsert internt, skal journalførast i det fagsystemet som er godkjent som arkivsystem i Socio eller WebSak.

Alle utgåande brev skal som hovudregel gå som vanleg post.

I hastesaker kan brevet sendast som faks eller e-post. Opplysningar som er unntatt offentlegheit skal aldri sendast som faks. E-post som inneheld sensitive opplysningar skal vera kryptert.

Alle utgåande saksdokument skal journalførast og arkiverast.

Sakshandsamar skal følgja Os kommune sitt delegasjonsreglement.

### **Arkivinstruks for sakshandsamar**

Sakshandsamar er ansvarleg for at dokumenta de jobbar med vert journalførte og lagt i arkivet. Sakshandsamar skal difor arbeide i samsvar med følgjande reglar:

Sakshandsamar skal kontrollere at brev som vert sakshandsama er stempla og registrert i journalen. Dette gjeld og faks og e-post.

Sakshandsaming av dokument som ikkje er journalført skal ikkje forekomma.

Sakshandsamar er ansvarleg for at personleg adressert post, e-post og faks som er arkivverdig, straks vert oversendt postansvarleg for stemping og journalføring. Som arkivverdig post reknar vi post som vert nytta ved sakshandsaming og annan post som inneheld vesentleg informasjon. Som arkivverdig post reknar vi trykksaker, offentlege publikasjonar, rundskriv, utskrifter og kopiar frå andre organ og anna materiale som er gjort mangfaldig, og som ikkje fører til sakshandsaming eller er viktig som dokumentasjon.

Sakshandsamar har ansvar for at alle saksdokument dei skriv vert journalført i det godkjente arkivsystemet hos Nav, Socio.

Personlege arbeidsnotat skal ikkje i arkivet. Som personlege arbeidsnotat reknar vi nedteikningar som ikkje har konsekvensar for ei sak, eller som berre blir brukt som kladd til et saksdokument. Oppbevaring av personlege arbeidsnotat er den enkelte medarbeidar sitt ansvar. Men når slike notat inneheld opplysningar som har konsekvensar for sakshandsaminga, så skal notatet formast som eit saksdokument og arkiverast saman med saka.

### **Registreringsreglar**

Alle journalopplysningar skal skrivast med små bokstaver.

### **Arkivsaker**

### **Dokumenttypar**

Søknad om krisehjelp

Søknad  
Ettersendte vedlegg til søknad  
Vedtaksbrev

Søknad om stønad til reiseutgifter -  
livsopphald - husleige - busskort - m.m.  
(skriv alltid alt kva dei søkjar om i tittel)

Søknad  
Ettersendte vedlegg til søknad  
Vedtaksbrev

Skattesak + årstal (vert automatisk  
opprett av system ved innberetning til  
skatteetaten)

Skattemelding + årstal

Samtykkje/fullmakt/eigenerklæring  
Arbeidstilhøve

Underskriven erklæring om samtykkje  
Rapport - brev  
Arbeidspraksis  
Arbeidsavtale/kontrakt

Rusbehandling

Prøvesvar  
Epikriser  
Behandlingstilbod  
Rapport frå opphald på behandling

Bustad/Husleige

Husleigekontrakt på adresse

Bustadtilhøve

Tilstandsrapport

Ansvarsgruppe/samarbeid

Innkalling til møte  
Referat frå møte  
Rapporter

# Pleie og omsorg

# Sjekkliste ved innlevering av journaler/Dokumenter tilhørende journaler

[Sjekkliste for innlevering av Journal.pdf](#) 10,77 kB

# Oppretting av B-journal

[Opprettelse av B-journal.pdf](#) 18,33 kB

# Tekniske tenester

[rutiner](#) er berre tilgjengelege via kommunen sitt intranett

# Arkivrutinar



# Munnleg førespurnad til Os kommune - Saker ført i Websak/Fokus

*Gjeld: per telefon eller oppmøte.*



Dersom innholdet i samtalen er arkivverdig, skal den først i eit N- eller x-notat i saks- og arkivsystemet, jamfør forvaltningslova § 11 d. Dokumentet skal verte registrert og arkivert.

*§ 11 d. (muntlige konferanser og nedtegning av opplysninger).*

*I den utstrekning en forsvarlig utførelse av tjenesten tillater det, skal en part som har saklig grunn for det, gis adgang til å tale muntlig med en tjenestemann ved det forvaltningsorgan som behandler saken.*

*Dersom en mindreårig er part i saken og blir representert av verge, gjelder dette også den mindreårige selv.*

*Blir det ved muntlige forhandlinger, konferanser eller telefonsamtaler av en part gitt nye opplysninger eller anførsler av betydning for avgjørelsen av saken, skal de såvidt mulig nedtegnes eller protokolleres.*

*Det samme gjelder iakttagelser tjenestemannen gjør ved befarings m.m*

## **Døme på førespurnader som i dei fleste tilfelle vil vere arkivverdige:**

- Førespurnader der ein klagar på service eller andre tilhøve i Os kommune.
- Førespurnader der svaret inneheld tilvising til praksis som ikkje er offentleg tilgjengeleg.
- Førespurnader der det kjem fram ny informasjon som kan vere av tyding for avgjerd i ei sak som er til behandling, eller for når ei sak vil bli behandla.

*Websak-førespurnader per telefon skal som oftast ikkje omhandle arkivverdig informasjon*

Dersom ein svarar munnleg på ein førespurnad som ikkje er arkivverdig, skal saksbehandlar vurdere om det er naudsynt å skrive ein merknad på arkivsaka (i WebSak). Merknaden kan i så fall innehalde namn på personen som spurde og kva tilbakemelding som vart gitt.

## **Døme på førespurnader som i dei fleste tilfelle ikkje vil vere arkivverdige:**

- Spørsmål om søknadsprosedyrar, dokumentasjonskrav, regelverk og liknande kor det vert gitt

standardsvar eller vist til Os kommune si nettside.

- Førespurnad om status i sak.
- Førespurnad om saksbehandlingstid.

*Obs! Fagsystem har egne rutinar for munnleg førespurnad*

# Utlånsrutine - frå arkiv i 3 et

Utlån skal som hovudregel ikkje skje ved sjølvbetjening, men sentralarkivet kan gje løyve til at sakshandsamar finn fram i arkivet på eiga hand. Det er ein føresetnad at sakshandsamar er godt kjent med korleis arkiva er oppstilt, - kva ordningsprinsipp som gjeld for dei ulike arkiva.

- Behovet for utlån av mapper er minimalt da det meste er elektronisk.
- Utlån skal alltid registrerast på "utlånskort", som skal plasserast på den utlånte mappas plass i det fysiske arkivet. Eit "Utlånskort" er eit ark der ein skriv opp lånetakars notera namn, utlånsdato og klientnamn. Ein skal berre låna heile mapper, ikkje enkeltdokument.
- Utlånt materiale er lånaren sitt ansvar, til utlånet er avskrive. Lånaren skal sjå til at ingen dokument blir fjerna, at nye dokumenter ikkje blir lagt til, og at orden i mappa ikkje vert øydelagd.
- Utlånt mappe skal ikkje gjevast vidare til andre sakshandsamarar.
- Utlånt mappe skal oppbevarast på ein sikker stad, til dømes i eit låsbart skap/skuff.
- Når utlånt mappe vert returnert skal utlånet avskrivast på utlånskort (påføre returdato). Mappa skal setjast tilbake på plass, utlånskortet skal fjernast frå arkivskap og leverast til Dokumentsenteret

# Innsyn i avlevert arkiv

- Den som ber om innsyn fyller ut skjema for dette på nettsida til Os kommune.
- Postmottak vil opprette innsynsak og sende til Leiar for Dokumentsenteret. Dersom mappa fysisk ligg på huset vil saka bli sendt til ansvarleg eining.
- Ved leiars fravær blir det den som har post-veka som skal ta kontakt med IKAH.
- Innsynsbegjæring foretas vha SvarUt i WebSak, og sendes til organisasjonsnummer til IKAH.
- Filer vert sent oss på minnebrikke (passordbeskytta) eller som fil vha SvarInn.
- Dersom vi får fil på minnepenn, legger vi fil inn i Websak, før vi re-formaterer minnebrikke.
- Dersom vi mottar på papir vil desse bli skanna og lagt inn i ny Journalpost (JP) websak
- JP oversendes til den som ba om innsyn for gjennomgang.
- Ny, evt sladdet versjon av fil sendast til mottaker vha SvarUt

# Bevaring og kassasjonsplan

[Bevarings og kassasjonsplan Os.pdf](#) 724,66 kB

# Kvalitetssikring av journalen



Dokumentsenteret skal føre kontroll med at alle saksdokument er journalførte og knytte til rett sak i sak-/arkivsystemet.

Dokumentsenteret har ansvaret for kvalitetssikring av arkivfunksjonar som er utført av saksbehandlarar og leiarar.

## **Kontroll med eigenproduserte dokument**

Dokumentsenteret skal dagleg følge med korgene som inneheld journalposter av dokument type:

- X** (intern notat utan oppfølging)
- U** (utgåande)
- N** (intern nota med oppfølging)
- F** (ferdig)
- E** (ekspedert)

Dokumentsenteret skal sjå til

journalpoststatus endrast til J.

## **Kontroll med reserverte saker**

Dokumentsenteret skal dagleg følge med korgen **Reserverte arkivsaker** med status R for å sikre at sakshandsamar utfører sin del av prosessstyringa. Dokumentsenteret skal sjå til

- at offentleg vurdering er gjennomført.
- at arkivkode og sakstittel er dekkande når ny sak er oppretta
- at saka er knytt til rett arkivdel
- at rett arkivkode er sett på saka
- endre status til B (under behandling)

Dokumentsenteret skal gje tilbakemelding til sakshandsamar dersom vedkommande har mange reserverte tomme saker

### **Kontroll med reserverte journalpostar (konsept)**

Dokumentsenteret skal månedleg gå gjennom korgen **Reserverte journalpostar** for å sikre at sakshandsamar utfører sin del av prosesstyringa.

Dokumentsenteret skal gje tilbakemelding til sakshandsamar dersom vedkommande har mange reserverte dokument.

### **Kontroll med Inngående dokument med status S**

Inngående dokument med status S, er e-post importert inn i WebSak av sakshandsamer.

Dokumentsenteret skal dagleg følgje med korgen **Dok.type I til jføring med** journalposter av dokument type I med status S (Registrert i første hånd eller ajourført av sakshandsamerr/leiar)

Dokumentsenteret skal sjå til

- at offentleg vurdering er gjennomført, og naudsynt skjerming av avsendar/mottakar.
- at journalpost er knytt til rett arkivsak.
- at tittel på journalposten, gjenspeiler innhald i dokument.
- journalpoststatus endrast til J.

# Offentleg elektronisk postjournal

Postlista viser alle post til og frå kommunen ein vald dag. I kalenderen til venstre kan du velje kvilken dag du vil sjå postlista til (blått på en-dato, og postlista vert oppdatert). Du kan òg velje å sjå kalenderen for å navigere i månader.

ma	ty	on	to	fr	sa	so
25	27	28	29	30	31	1
2	3	4	5	6	7	8
9	10	11	12	13	14	15
16	17	18	19	20	21	22
23	24	25	26	27	28	1
01	Febuar	2015				03

**Postliste den 02.02.2015**

Søk i postlisten for valgt dag

Dokument/Utval

Avsender/mottaker

Vil  
Inkomende dokument / Utgående dokument

Søk

Dokumentsenteret skal dagleg leggje ut Os kommune si offentlege postjournal. Denne skal vere utforma slik at den gir oversyn over alle inn - og utgåande brev, samstundes som opplysningar unntatt offentlegheit er fjerna.

Leiar for Dokumentsenteret sammen med ACOS sit opp eit sett med reglar i DRUM (modul frå ACOS som styrar innsyn på kommunens nettsida.) som avgjer kva som skal publiserast på den offentlige postjournalen på internett.

Postlista publiserast dagleg men med 3 dagers forsenking for å gje saksbehandlar tid til å ta stilling til gradering. Når postlista er kontrollert og godkjent, kjørast "drum" rapport.

Drumrapport kontrollerast, og eventuelle korreksjonar utførast, før innsyn oppdaterast.

Ein etterkontroll utførast etter at postjournal er publisert på nettsida.

[Gå til Os kommune si postliste](#)

# **Rutine for handsaming av anbod**

## Rutine for handsaming av anbod

STEG	AKTIVITET	ARKIVERES I WEBSAK	VURD. OFF
1	Anbudsdokument vert laga i WebSak og legges inn i Doffin + ev. Ted	Ja	Nei
2	Kommunetorget og Dokumentsenteret får beskjed om at anbod er lagt ut, samt frist for anbod. Bruk epostadr: <i>postmottak@os-ho.kommune.no</i>	Nei	Nei
3	Tilbudsdokument sendes interesserteleverandører	<i>Følgjebrev vert skrive i WebSak</i>	Nei
4	Kommunetorget tekimot anbod, merker dei med dato og klokkeslett for mottak.	Nei	<i>Ja, off.l. § 23 3.ledd, inntil val av leverandør er gjort. Deretter vurd. Etter off.l. § 13 2.ledd.</i>
5	Ansvarleg for innkjøpet hentar anboda etter fristen.	Nei	Nei
6	Skjema for anbod/tilbuds opning/protokoll frå opningsmøte vert laga og signert av to personar.	Ja	<i>Ja, off.l. § 23 3.ledd, inntil val av leverandør er gjort</i>
7	Brev til dei som ikkje har fått anbodet	Ja	Nei
8	Kontraktsforslag vert sendt.	<i>Ja. Som regel møte der kontrakten vert underteikna</i>	<i>Ja, off.l. § 13 2. ledd</i>
9	Underteikna kontakt	Ja	<i>Ja, off.l. § 13 2.ledd</i>
10	Vinneranbud	Ja	<i>Ja, off.l. § 13 2.ledd</i>

8. oktober 2014

# Rutine for posthandsaming, skanning og journalføring

## Rutine for posthandsaming, skanning og journalføring



### **Ekstern post**

Posten blir henta av Kommunetorget, arkivavgrensa og fordelt internt.

Inngående arkivverdig post skal leverast til Dokumentsenteret.

**Personleg adressert post** skal leverast uopna til adressaten dersom ikkje organet har inngått avtale med adressaten om at slik post kan opnast av Dokumentsenteret. Mottakar pliktar likevel straks å levere posten attende til Dokumentsenteret dersom den er arkivverdig.

Når sakshandsamar får e-post direkte til si adresse pliktar denne å vurdere om det er arkivverdig post som må journalførast. Dersom e-post er arkivverdig er vedkommande sakshandsamar ansvarleg for å importera denne i eksisterande sak. Dersom e-post er første dokument i ny sak skal sakshandsamar oppretta ny sak eller oversenda e-posten til Dokumentsenteret som kan hjelpa til med å oppretta sak. Husk å sjå etter at dokumentet har rett tittel.

- Sakshandsamar fører på tilgangskoden, og ser til at naudsynnte opplysningar er skjerma.
- Når alle journalopplysningane er kontrollert skal journalposten få dokumentstatus S.
- Dokumentsenteret må kvalitetssikre sakene som er oppretta av sakshandsamar.

### **Faks**

Det er plassert ein faks på Kommunetorget. Kommunetorget er ansvarleg for å bringe arkivverdig telefaks til Dokumentsenteret for journalføring.



### **Elektronisk postmottak**

Dokumentsenteret er ansvarleg for å handsama e-post som er motteke i kommunens elektroniske

postmottak: postmottak@os-ho.kommune.no.

Sakshandsamar er ansvarleg for at elektronisk post som er arkivverdig, vert importert i WebSak/Fokus

E-post skal handsamast som vanleg brev.

### ***Elektronisk skjemamottak***

I modulen Acos Mottak, hentar ein fram alle elektroniske søknader. Dokumentsenteret er ansvarleg for å journalføre desse i WebSak.

Elektronisk søknad skal handsamast som vanleg brev.

### ***Opning, sortering og arkivavgrensing av inngåande post***

Posten skal opnast av Dokumentsenteret.

Etter at posten er opna, skal posten delast i arkivuverdig post (informasjonspost) og arkivverdig post (sakspost).

Arkivuverdig post skal skiljast ut frå saksposten. Informasjonspost er post som ikkje vert gjenstand for noko form for sakshandsaming. Til informasjonspost høyrer:

- Trykksaker
- Offentlege publikasjonar
- Rundskriv
- Utskrifter/kopiar frå andre organ
- Tilbod om kurs

Informasjonsposten vert sendt direkte til kvar avdeling. Avdelinga er sjølv ansvarleg for å returnere informasjonspost som skal arkiverast.

Den arkivverdige posten er den som vert gjenstand for sakshandsaming, og som kommunen er pliktig å ta vare på til ei kvar tid. Denne posten kallar vi sakspost. Denne posten blir stempla og journalført.

### ***Følgjande post skal ikkje journalførast:***

- Bilag og fakturaer, rekningar med følgebrev og rutinemessig korrespondanse om rekneskap vert levert direkte til ansvarleg eining utan journalføring.
- Eigenmeldingar og sjukemeldingar vert levert til lønningskontoret.

## **Stempling, skanning og journalføring**

Sakspost skal behandlast på følgjande måte:

- a) Saksdokumenta blir datostempla og lagt i postmappe merket med dagens dato.
- b) Post som inneheld sensitive personopplysningar og er adresserte til Førebyggjande helesetenester, PPT, Barnevern, Rehabiliteringstenesta, Pleie og omsorgstenesta, Kuhnletunet, Bustad Moberg/Idrettsvegen, Vestre Lurane eller Bestillar- og forvaltarkontoret skal førast i eigne postjournalar tilknytte einingane sine fagsystem.
- c) Dokumentsenteret skannar dokumenta og fordeler dei til arkivsaken i WebSak

## **Skanning**

- d) Dokumentsenteret nyttar bunkeskanning i felles skannestasjon på Dokumentsenteret.
- e) Prosedyre for skanning ligg i OneNote.
- f) Dokumentsenteret registrerer den innkomne posten i WebSak og kontrollerer følgjande:
  - at alle mottekne dokument er skanna og arkivert
  - at alle sider er komne med i kvart dokument
  - at kvaliteten på skanninga er god nok
  - at opplysningane i skanna dokument samsvarar med opplysningar i journalen
- g) Journalstatus på journalposten endrast til J etter at en har kvalitetsikra journalopplysningene.

# Arkiveringsrutiner innan helse, omsorg og beredskap

Tilgjengelege via kommunen sitt [intranett](#)

- [Bestillar- og forvaltarkontoret](#)
- [Brann, beredskap og legevakt](#)
- [Helsetenester](#)
- [NAV Os sosiale tenester / flyktningetenesta](#)
- [Pleie og omsorg](#)
- [Tenester for utviklingshemma](#)
- Varafjell avlastningssenter

[Besøk nettsida til Helse, omsorg og beredskap](#)

**BOF**

# Frisklivssentralen

# Helsetenester/Kommuneoverlege

# Nav Os sosiale tenester

## Arkiv og sakshandsamingsrutine for Nav sosiale tenester

All post sosiale tenester vert journalført i fagsystem Socio. Administrative saker vert handtert i kommunens sak og arkivsystem Acos WebSak. Bustadsosialt arbeid vert handtert i Husbanken sitt ekstrasnett, samt Acos WebSak.

## Arkivlokale

Både avdeling Sosiale tenester og avdeling Flyktningtenesta har i dag fullelektronisk arkiv.

Det fins framleis papirarkiv på Nav kontoret. Det er i hovudsak papirarkiv i tidsrommet 2007 – 2015. Dette vert oppbevart i låsbare skap og skuffeseksjonar i Nav kontoret.

Deler av papirarkiv er mellombels nedpakka og flytta grunna vannskade i lokalet.

Avvikling av papirarkiv, samt rutiner for felles arkiv og fagsystem inngår som delprosjekt i nye Nav Bjørnefjorden.

## Klientmapper og arkivering

Nav sosiale tenester sitt fagsystem er Socio.

Elektronisk arkiv i Socio vart teke i bruk 2015, det fins difor ikkje papirarkiv etter 2015.

Socio har ikkje ein arkivstruktur, men er eit fagsystem med Noark godkjent arkivkjerne, altså elektronisk arkiv. Dette er såleis eit av kommunen sin arkivdelar, i eige fagsystem.

I Socio fins opplysningar om klient fordelt på klientkort, sakskartotek, journalkartotek, modul økonomisk rådgjeving og utbetalingar. I tillegg alle inn og utgåande dokument.

Alt som skannast inn i Socio skal reknast som arkivverdig. Når eit dokument er arkivert i Socio vert posten merka med arkivert, og får arkivstatus.

Ordningsprinsippet er fødsel og personnummer.

Det er pr i dag ikkje foretatt avlevering frå Socio. Ved avlevering frå Socio, vert det gjort eit xml uttrekk for avlevering av varig bevaring til arkivdeponi.

## Rutine kassasjon arkiv Nav Os.

Retningslinjer for arkivavgrensing og kassasjon i kommunale arkiv:

<http://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2007-12-19-2286>

Rettleing i bevaring og kassasjon:

[https://www.arkivverket.no/sok/\\_attachment/inline/090f5a39-d4d1-4b3c-a14c-4a9f617ff364:42d89081f777f2a4433e1525785b3bd6178fb912/Veiledning%20BK-bestemmelser%20for%20kommunale%20arkiv%20skapt%20etter%201950%20\(2015\).pdf](https://www.arkivverket.no/sok/_attachment/inline/090f5a39-d4d1-4b3c-a14c-4a9f617ff364:42d89081f777f2a4433e1525785b3bd6178fb912/Veiledning%20BK-bestemmelser%20for%20kommunale%20arkiv%20skapt%20etter%201950%20(2015).pdf)

## **Socio**

For at kassasjon av papir skal kunne gjennomførast er det ein føresetnad at rutiner for skanning og journalføring er fulgt. Papir vert i praksis oppbevart inntil tre månader etter saka er ferdigstilt.

Trinn 2 i Socio si elektroniske arkivløsning , inneber at det etter et viss periode er høve til å gjøre ett XML-uttrekk fra Socio for avlevering til deponi. Det er starta opp ein prosess saman med leverandør av fagsystem for å sette opp system i samsvar med gjeldande regelverk. Dette arbeidet vil også inngå i delprosjekt arkiv og fagsystem Nav Bjørnafjorden.

## **Opning, sortering og journalføring**

Tilsette på NAV bringer og hentar post til/frå Dokumentsenteret kvar dag.

Klientretta post vert journalført i Socio.

Dokumentsenteret journalfører all annan post, herunder post knytta til bustadsosiale oppgåver i WebSak.

## **Stempling og journalføring**

Postansvarleg sikrar at følgjande oppgåver vert gjennomført:

Klientposten vert stempla med journalstempel som inneheld opplysningar om dato og avdeling.

Postansvarleg journalfører dokumenta i fagsystemet Socio.

Hastesaker som søknad om krisehjelp kan opprettast av sakshandsamar. Postansvarleg skannar inn søknad etterpå.

Dokumenta vert skanna inn i fagsystemet, og original vert arkivlagt i ein periode på inntil 2 månader.

## **Fordeling, oppfølging og restansekontroll**

Postansvarleg fordeler klientar til sakshandsamar.

Avdelingsleiar har restansekontroll ansvar.

Sakshandsamar avsluttar arkivsaker etter kvart.

Avdelingsleiar tar stikkprøver månadleg.

## **Journalføring og ekspedering av eigenproduserte saksdokument**

Alle utgåande brev og andre saksdokument som er produsert internt, skal journalførast i det fagsystemet som er godkjent som arkivsystem i Socio eller WebSak.

Alle utgåande brev skal som hovudregel gå som vanleg post.

I hastesaker kan brevet sendast som faks eller e-post. Opplysningar som er unntatt offentlegheit skal aldri sendast som faks. E-post som inneheld sensitive opplysningar skal vera kryptert.

Alle utgåande saksdokument skal journalførast og arkiverast.

Sakshandsamar skal følgja Os kommune sitt delegasjonsreglement.

## **Arkivinstruks for sakshandsamar**

Sakshandsamar er ansvarleg for at dokumenta de jobbar med vert journalførte og lagt i arkivet. Sakshandsamar skal difor arbeide i samsvar med følgjande reglar:

Sakshandsamar skal kontrollere at brev som vert sakshandsama er stempla og registrert i journalen. Dette gjeld og faks og e-post.

Sakshandsaming av dokument som ikkje er journalført skal ikkje forekomma.

Sakshandsamar er ansvarleg for at personleg adressert post, e-post og faks som er arkivverdig, straks vert oversendt postansvarleg for stemping og journalføring. Som arkivverdig post reknar vi post som vert nytta ved sakshandsaming og annan post som inneheld vesentleg informasjon. Som arkivverdig post reknar vi trykksaker, offentlege publikasjonar, rundskriv, utskrifter og kopiar frå andre organ og anna materiale som er gjort mangfaldig, og som ikkje fører til sakshandsaming eller er viktig som dokumentasjon.

Sakshandsamar har ansvar for at alle saksdokument dei skriv vert journalført i det godkjente arkivsystemet hos Nav, Socio.

Personlege arbeidsnotat skal ikkje i arkivet. Som personlege arbeidsnotat reknar vi nedteikningar som ikkje har konsekvensar for ei sak, eller som berre blir brukt som kladd til et saksdokument. Oppbevaring av personlege arbeidsnotat er den enkelte medarbeidar sitt ansvar. Men når slike notat inneheld opplysningar som har konsekvensar for sakshandsaminga, så skal notatet formast som eit saksdokument og arkiverast saman med saka.

## **Registreringsreglar**

Alle journalopplysningar skal skrivast med små bokstaver.

### **Arkivsaker**

### **Dokumenttypar**

Søknad om krisehjelp	Søknad Ettersendte vedlegg til søknad Vedtaksbrev
Søknad om stønad til reiseutgifter - livsopphald - husleige - busskort - m.m. (skriv alltid alt kva dei søkjar om i tittel)	Søknad Ettersendte vedlegg til søknad Vedtaksbrev
Skattesak + årstal (vert automatisk oppretta av system ved innberetning til skatteetaten)	Skattemelding + årstal
Samtykkje/fullmakt/eigenerklæring Arbeidstilhøve	Underskriven erklæring om samtykkje Rapport - brev Arbeidspraksis Arbeidsavtale/kontrakt
Rusbehandling	Prøvesvar Epikriser Behandlingstilbod Rapport frå opphald på behandling
Bustad/Husleige	Husleigekontrakt på adresse
Bustadtilhøve	Tilstandsrapport
Ansvarsgruppe/samarbeid	Innkalling til møte Referat frå møte Rapporter

# Pleie og omsorg

Tilsagn om tilskot, vederlag og tilsyn innan pleie og omsorg førast i sak-og arkivsystemet Websak.

Fagsystemet Visma profil nyttast av Pleie og omsorg, det er eit fagsystem for pleie-, rehabiliterings- og omsorgstenesta. All dokumentasjon av pasientar førast i dette systemet.

## ARKIV

Aktive journaler Def.: Journaler som er i bruk på avdelinger.

Alle dokumenter skal legges i sin kategori i perm, med frontside og fane.

1: Laboratoriesvar: Alle svarbrev på blodprøver, urinprøver osv

2: Epikriser: Skriftlige legenotat, epikriser frå ulike instanser

3: Røntgen undersøkelser: Svarbrev frå radiologiske avdelinger

4: Øvrige undersøkelser: EKG, MMS (MiniMentalStatus) og andre undersøkelser utover radiologiske.

5: Henvisninger: Alle henvisninger

6: Medikamentark: Månedsark, enkeltark o.l av medisiner

A-journaler skal inneholde alle desse 6 kategoriene. Dersom journaler vert fulle, kan dei ryddast. Då skal heile journaler leveres inn til ansvarlige, og leveres tilbake med evt skriv om at B-journal er oppretta. Det skal aldri leveres inn enkeltark.

B-journal: Her kan ein legge dokumenter som ikkje er nødvendig å til ei kvar tid ha i journal på avdeling. Dette være seg kvitteringsark fast medisin, medikamentkurv (ikkje ordinasjonskort, dei må ligge i A-journal), sjukehus, gamle kardex papir, diverse sjekklister for utreise, evt anna. Dersom andre papirer (t.d veldig gamle laboratoriesvar) vert lagt i B-journal, må dette spesifiseres på arket som følger ved A-journal tilbake til avdeling.

Inaktive journaler: Def.:journaler til utskrivne pasienter

Rydd i journal (1-6) før den legges saman med forside til journal, i hengemappe for arkivering i skuffer oppe.

Journaler etter dødsfall Def: Journaler med dødsattest

Ved dødsfall skal alle papirer og journal leveres inn. Dette har kvar avdeling ansvar for. Sjekk også arkivskuffer for evt B-journal/ ØH. Arkivansvarleg har ansvar for å rydde i journalen, og ordne den i mappe med riktige data på, før den legges i skap i kjellerarkiv. I desse mappene skal det ikkje vere binders, strikk, plast, utskrifter frå profil. Dødsattesten skal ligge fremst.

Journaler etter 10 års inaktivitet Def: Journaler der pasientjournal har lagt i 10 år, eller lagt i arkiv i 10 år etter dødsfall

Ved årsskiftet bør ein gå gjennom arkivskap i kjeller, og ta ut alle journaler som er 10 år gamle, og legge dei i bokser og ordne klar til å sendes fjernarkiv. Gje gjerne beskjed til Internkontroll og dokumentforvaltinga i kommunen, slik at dei veit om at her er noko som skal til IKAH (Interkommunalt Arkiv i Hordaland). Kommunen sender samla inn til IKAH. Sjå eige skriv for retningslinjer ved sending til IKAH.

# Kassasjons- og bevaringsføresegner for prosedyrelister (medisinering)

## Kassasjons- og bevaringsføresegner for prosedyrelister i Os kommune:

Prosedyreliste vedkomande pasientforhold som kan kasserast 10 år etter MORS(pasienten er død):

- Signaturlister - Øyedrypping
- Signeringsliste for utlevert med., drypping av øye, bad, sengeskift
- Signaturkort for gitt medisin
- Signeringskort for multidose
- Skifte kort
- Snuliste, liggesår
- Signatur utgitte medikamenter
- Skjema for måling av blodsukker
- Liste over blodtrykksmåling

Om ein eller fleire av desse prosedyrelistene inngår som ein del av Visma Profil EPJ (altså at dei i praksis ikkje føreligg på papir, kun elektronisk) skal dei ikkje kasserast men avleverast til depot med uttrekk.

*Avvik fra medisinering blir ført på eige skjema.*

# **Brann, beredskap og legevakt**

# Munnleg førespurnad til Samnanger og Os legevakt



Dersom personale mottar munnleg klage til legevakten, vert meldar oppfordra til å kome med dette skriftleg. Slik at legevakten får dokumentert og behandla klagen på ein god måte. Klagesak vert dokumentert i pasientjournal og ført i WebSak.

Dersom personalet finn avvik og andre forhold som skal meldast vidare, skal dette meldast i avvikssystemet.

Er det forhold som angår personale ved legevakten skal dette førast i WebSak.

Andre brev der legevakten skal uttale seg, både for og unntatt offentlegheit, skal førast i WebSak.

Slike førespurnader skal *leverast skriftleg*, og scannast til journal etter at legevaktoverlege har sett og gitt uttale. Utlevering skal dokumenterast i journal, etter «godkjenning» av legevaktoverlege. Dei som eventuelt hentar dokument må vise fram legitimasjon og eventuelt fullmakt frå pasient, dette skal dokumenterast i pasientjournal.

# Skanning i fagsystem - Profil, HsPro, PPI og Familia

Tilgjengeleg via kommunens [intranett](#)

# Visma Flyktning

## Rutinar for arkivering i Visma Flyktning

Gjennom modulen Visma Samhandling Arkiv (VSA) vert alle postar arkivert i kommunens digitale arkiv i det ein post blir merka som ferdigstilt. Dette kan sjekkast ved å opne journalposten og kontrollere at den står merka som arkivert og kor tid dette har skjedd. Det er forskjellar på korleis ulike postar blir ferdigstilte, og forskjellane er som følgjer:

- Brevjournalar og personjournalar vert ferdigstilte ved at ein aktivt hakar av for at dei er ferdigstilt, og lagrar posten.
- Vedtak vert ferdigstilte automatisk når dei vert godkjente. Flyktingtenesta har ikkje elektronisk signatur. Når eit vedtak er godkjent og signert i papirform vert det skanna inn att i Visma. Sjå under for skanning.
- Individuelle planar vert ferdigstilte når planen blir låst dersom ein nyttar fagsystemets eige verktøy for å lage individuell plan. Dersom ein, jf. retningslinjer frå Fylkesmannen, nyttar andre utformingar av individuell plan (t.d. handskrivne eller teikningar i tilfelle der brukar er analfabet) er ein nøydd for å skanne planen. I så høve sjå under.
- I tilfelle der papirdokument eller anna som berre føreligg på papir skal arkiverast må dokumentet først skannast på designert skannar. Det vert henta inn i Visma automatisk, men må tildelast rett person av sakshandsamar. Deretter må ein opne journalposten og merke den som ferdigstilt, samt velje om posten skal unntakas offentlegheit.

Superbrukar for fagsystem i avdelinga sjekkar jamleg at ikkje postar som skal vere ferdigstilte står opne i for lang tid for å sikre at postar vert arkivert.

Tilsette ved avdeling for arkiv i Os Kommune kontrollerer jamleg at dette blir følgt opp og gjer tilbakemelding til superbrukar ved avvik.

Postar som er oppretta i fagsystemet er per definisjon arkivverdige, då dette er sakshandsaminga. Dokument som vert skanna inn i fagsystemet skal vurderast av tilsette som arkivverdige før det skannast.

# Arkiveringsrutinar Visma Samhandling Arkiv - VSA

*Generelt:*

*Visma Samhandling Arkiv - VSA er elektronisk arkiv med NOARK5 kjerne, som inneheld arkiva til fagsystema Familia, Profil, HSPro, PPT, Voksenopplæring og Flykting.*

## **Oppfølging og kontroll:**

- Det er Dokumentsenteret og leiar for Dokumentsenteret i kommunen som har systemtilgong og som bestemmer kven som har tilgang inn i arkivkjerna.
- Arkiv har hovedansvar for å sjekke at dokumenta lagrast korrekt i arkiv og har oppfølging av fagavdelinga mtp dette.
- Fagavdelinga tar i tillegg stikkprøve 1 gong pr. måned.
- Dokumentsenteret gjer utvalde personar hos fageininga lesetilgong. Dette for at fageininga skal kunne utføra strikkprøver, samt bistå Dokumentsenteret ved behov, med tanke på at dei ikkje har tilgong til fagprogramma i Visma portefølja.
- Ved endring hos fageininga på kven som skal ha lesetilgong må dette meldast til arkiv 1 veke i forvegen.
- Arkivanvarleg i fageininga tar stikkprøvar på huskelista til sakshandsamar for å sjå at dokumenta vert ferdigstillt.

## **Arkivverdige dokument:**

- Alle dokument som gjennom loven er arkivverdige skal ha eit dokumentnummer.
- Div. journalnotat som avlysning av møter, tlf, sms etc. er i utgangspunktet ikkje arkivverdige ut frå loven, men kan ha verdi for ein person som vil lese mappa 20 år etter avslutta sak.

## **Avslutning av sak i fagprogram:**

- Ved avslutning av sak må saksbehandlar sjekke at den elektroniske mappa er ferdigstillt -at det ikkje står opne dokument, at vedtak er godkjent og at alle tiltak er avslutta.
- Arkivansvarlig i fageininga tar stikkprøver i fagprogrammet for å sjekke at dette blir gjort.

## **Arkivering i arkiv**

- Ved periodisering vil ein avslutta mappe bli lukka og det er ikkje mogleg å leggje til nye dokument og ein må opprette ein ny mappe. Det er viktig at alle dokument i ei sak ligg i same mappe.

# Arkiveringsrutiner innan oppvekst og kultur

[PPT](#)

[Barnehagar](#)

[Barneverntenesta](#)

[Førebyggande helsetenester](#)

[Grunnskular](#)

[Kultureininga](#)

- 
- 
- 
- 
- 

[Besøk nettsida til Oppvekst og kultur](#)

# Grunnskular og barnehagar

Skular og barnehagar registrerar og skannar motteke post fortløpande i Websak Fokus. Dette gjeld både brev til skuleadministrasjonen og dokument til Elev- og Barnehagearkiv, t.d. korrespondanse med heimen.

Akrivverdig E-post mottekne av tilsette i skular og barnehagar skal også importerast i arkivsystemet.



## Andre system som nyttast av barnehagar og grunnskular er:

### Fagsystem

IST EXTENS	Skuleadministrativt system
IST/Hypernett barnehage	Barnehageadministrativt system
SpeedAdmin?	Kulturskulen sitt administrative system

### Andre system

Timeplanleggingsprogram. IST UNTIS	
IST meldingssentralen	SMS funksjon i IST/Hypernett
Skoleveven	Websider skular
It'sLearning	Læringsplattform alle skular
Feide-tilknytning	Innloggingsteneste for lærarar og elevar i våre system.
Vokal/Puls frå Conexus	Verktøy for å lagre og analysere elevresultat. Vokal på skulenivå. Puls på skulenivå og på kommunalt nivå.
Kartleggeren	Test verktøy for alle elevar
Kikora	Pedagogisk verktøy, matematikk
Salaby 5-7	Pedagogisk verktøy
AskiRaski	Pedagogisk verktøy
MusicDelta	Pedagogisk verktøy musikkfaget
LOGOS	Testverktøy Kartlegging leseferdighet svake lesarar
NorskPluss Cyberbook	Pedagogisk verktøy VO

# Historikk på elektroniske elevmapper i Os kommune (Tips til søk i arkivsystemet)

## Historikk på elektroniske elevmapper i Os kommune

Tidsrom	Skildring - attfinning
<b>April 2010</b>	Os barneskule starta med elektroniske elevmapper. Rektor blei saksansvarleg.
<b>Mai 2013</b>	Skulane i Os blei fullelektronisk. Merkantile blei saksansvarleg.
<b>Nore Neset skule fram til haust 2014</b>	Nore Neset skule var fram til haust 2014 både ungdoms- og barneskule.  Elever vil ha ei einskild elevmappe frå grunnskulen, mappa vil derfor stå på merkantil for skulen (ein skil ikkje på merkantil på barne- og ungdomsskulen).
<b>Dei som starta på ungdomsskulen vår 2014</b>	Elevane kan ha mapper som er overført frå barneskulen til ungdomsskulen, utan samtykke.
<b>Føring av dokument 2013- september 2015</b>	<b>Dokument</b> Dokumen ført i denne perioden følgde andre arkivering- og registeringsreglar og kan være registert ulik frå skule til skule i systemet.  <b>Tittel</b> For å sikre at ein får treff må ein søkje på tittel.  <b>Type dokument</b> Ein kan risikere at inngående brev ligg lagra som notat. Så det er best å ikkje definer type dokument  <b>Dok.dato</b> Dato søking vil ikkje alltid rime seg då denne funksjonen ikkje vart særleg nytta i denne perioden.

	<p><b>Avsendar/mottakar</b> Ein vil ikkje få konkrete treff då ein ikkje alltid la inn alle avsendarar og mottakarar, foreldre vart ofte benevna som føresette og ikkje oppført med namn.</p> <p><b>Fellessaker</b> Enkeldokument knytt til elevar kan være arkivert i fellesmapper per skule.</p>
<b>Frå september 2015 -</b>	<p>Skulane følgjer rutinebank for føring etter regler i onenote.</p> <p>Samtykke innført. Skal nyttast ved overføring barneskule til barneskule, barneskule – ungdomsskule, ungdomsskule – ungdomsskule.</p>
<b>Elevar som gjekk ut frå ungdomsskulen våren 2016</b>	<p>Endra ordlyd på elevmapper juni 2016:</p> <p>Ei elevmappe frå barneskulen: <i>Elevmappe – barneskule</i></p> <p>Saksansvar for elevmappa blir overført frå barneskulen til ungdomsskulen.</p> <p>Ei elevmappe frå ungdomsskulen: <i>Elevmappe – ungdomsskule</i></p>

# Elevmappe - barneskule - Når eleven bytar barneskule innan Os kommune

Her finn ein meir informasjon rundt kva barneskulen skal gjere med elevmappa ved overgang til annan barneskule innan Os:

[Elevmappe\\_barneskule\\_byte\\_barneskule\\_ios.pdf](#) 34,34 kB

# Elevmappe - barneskule - Når eleven sluttar på barneskulen og startar på ungdomsskulen

Når eleven skal starte på ungdomsskulen skal mappa gjennomgå i tråd med samtykke og deretter skal ein ønskje saka avslutta

før

ein overfører mappa til ansvarleg på ungdomsskulen.

Her finn ein meir informasjon rundt kva barneskulen skal gjere med elevmappa ved overgang til ungdomsskulen:

[Elevmappe barneskule\\_ overgang\\_ungskule.pdf](#) 52,65 kB

# Elevmappe - ungdomsskule - Når eleven startar på ungdomsskulen

Malsak **Elevmappe - ungdomsskule** skal opprettast og avsluttast av ungdomsskulen.

Her finn ein meir for informasjon rundt kva ungdomsskulen vil sjå av innhald frå mappa frå barneskulen:

[elevmappe\\_ungdomsskule.pdf](#) 33,63 kB

# **Elevmappe - ungdomsskolen - Når eleven bytar ungdomsskule innan Os kommune.**

Her finn ein meir informasjon rundt kva ungdomsskolen skal gjere ved overgang til annan ungdomsskule innan Os:

[Elevmappe i ungdomsskolen\\_byte\\_ungdomsskule.pdf](#) 84,73 kB

# Skjema - Førespurnad om samtykke til overføring av opplysningar til ny skule (01.02.2016)

[Samtykkeerklæring\\_os\\_kommune.docx](#) 138,57 kB

# **Rutine For kassasjon av papirdokument (gjeld frå juni 2013)**

## Kassasjon av papirdokument - Fullelektronisk arkiv ved skular i Os kommune

Med heimel i Riksarkivarens føreskrift, kapittel IX; Elektronisk arkivering av saksdokument §1-3 kassasjon av papirversjonar ved skanning, kan dokumenta kasserast i tråd med desse bestemmelsane. For å oppfylle krava er det utarbeida rutinar for kassasjon av ferdig skanna papirdokument/saksdokument.

Sak og arkivsystemet WebSak Fokus er konfigurert slik at alle saksdokument må konverterast til gjeldande arkivformat ved *journalstatus J.*: **PDF-A format.**

For at kassasjonrutinane skal kunne følgjast er det ein føresetnad at rutinar for skanning og journalføring vert følgde.

Merkantile har ansvar for å sjekke at dokumenta er optimal etter skanning.

- Har dokumentet god nok lesekvallitet?
- Er alle sider scanna?

Dersom originalen er for dårlig tek merkantil kontakt med avsendar for å få ny versjon tilsendt.

Er det noko som ikkje er godt nok må dokumentet skannast på nytt før journalposten vert journalført.

*Dei siste 3 månadane vert oppbevart på skulen før dei vert sikkerheitsmakulert.*

# Førebyggande helsetenester

Tilbod innan psykisk helse til barn og unge

Prosjekt, tilsyn og tilskot innan førebyggande helsetenester førast i Websak.

Fagsystemet Visma HSPro nyttast av helsestasjon.

Systemet støtter sentrale arbeidsprosessar innan helsestasjonstenestar inkludert skulehelseteneste, ungdomshelseteneste, svangerskapsomsorg og utanlandskvaksinering.

# Munnleg førespurnad til Helsestasjons- og skolehelsetenesta (HsPro)



- Formål** Einingsleiar har ansvar for implementering og revidering av prosedyren  
Fagleiar har ansvar for godkjenning
- Ansvar** Sikre at munnelege førespurnader til eininga blir ivarettatt
- Referanser**
- Forskrift om pasientjournal
  - IS-2700 «Veiledning i journalføring (dokumentasjon) i helsestasjons- og skolehelsetjenesten»
  - IS- 1154 «Veileder Kommunenes helsefremmende og forebyggende arbeid i helsestasjons- og skolehelsetjenesten.»
- Avvik** Når prosedyren ikkje blir fulgt

## Bakgrunn

Brukarar av helsestasjons- og skulehelsetenesta har tidvis behov for råd og rettleiing utover dei faste møtepunkta dei har med helsesøster.

Rutinen skal sikre at brukarane får god oppfølging når dei ringer og ber om råd eller rettleiing.

## Handling

Den helsesøster som mottar henvendinga vurderer om ho:

1. Kan gje råd og rettleiing per telefon.
2. Tilbyr ein ekstrakonsultasjon
3. Ber dei oppsøke fastlege

Den helsesøster som mottar henvendinga vurderer etter faglig skjønn om kontakten journalføres.

*Godkjent dato: 26.08.2015*

# Innsyn - Utskrift av journal



<b>Formål</b>	Sikre forsvarleg handsaming av sensitive opplysningar
<b>Bruksområde</b>	Alle journaler i HsPro
<b>Ansvar</b>	Journalansvarlig - Fagleg leiar Førebyggande helseteneste
<b>Referanser</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Lov om pasient- og brukerrrettigheter §5</li><li>• Forskrift om pasientjournal §§ 11 og 12</li><li>• Helsepersonelloven § 41</li><li>• Personopplysningsloven §§ 18 flg.</li></ul>
<b>Bakgrunn</b>	Brukere har jfr lov om pasient- og bruker rettigheter § 5 rett til innsyn i sin journal, og etter særskilt forespørsel rett til kopi. Prosedyren skal sikre forsvarlig behandling av sensitive opplysninger
<b>Avvik</b>	Når prosedyren ikke blir fulgt.

## Vurdering

Det kan nektes innsyn i journalen dersom dette er nødvendig for å hindre fare for liv eller alvorlig helseskade for pasienten selv, eller innsyn er klart utilrådelig av hensyn til personer som står pasienten nær.

## Mindreårige

Pasientrettinghetsloven § 3-4

- Barn under 16: Er pasienten under 16 år, skal både pasienten og foreldrene eller andre med foreldreansvaret informeres. Foreldres rett til informasjon kan likevel begrenses dersom nødrettslige hensyn tilsier dette
- Er barnet mellom 12 og 16 år skal opplysningar ikkje bli gitt føresette når barnet, av grunner som bør respekterast, ikkje ønsker det.
- Barn over 16 år: Føresette har rett til innsyn i dei delar av journalen som er naudsynt for å oppfylle omsorgs- og foreldreansvaret

## Handling

